


# Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2010 - ÅRGANG 27



**kunstnaren**



**vitskapsmannen**



**artisten**

**Roald Helgheim** Skeiserevolusjonen på Jølstravatnet

**Johnny Solheimsnes** Idrettsbrørne frå Sandneset

**Fridtjof Urdal** Kulturmøte i Sunnfjord

**Stig Årdal** Til bål og brann



# Innhald:

HELGE ARILD BOLSTAD:	Eikaas om Eikaas .....	side 4
JOHNNY SOLHEIMSNES:	Idrettsbrøne frå Sandneset .....	side 6
"LÅVEDANS":	Jylst .....	side 8
FRIDTJOF URDAL:	Olav Rusti frå Jølster? .....	side 9
	Nytt frå Jølster Mållag .....	side 11
6. KLASSE, SKEI SKULE:	Dikt .....	side 12
STIG ÅRDAL:	Til bål og brann .....	side 15
	Målegruppa Jølst .....	side 23
HALLSTEIN DVERGSDAL:	Selskapet som førde vitskapen og nynorsken til Noreg .....	side 26
ELSA NORUNN HÅHEIM NYDAL:	Julegraut sagt med O .....	side 29
STEINAR DVERGSDAL:	Målrospris 2009 .....	side 30
ROALD HELGHEIM:	Skeiserevolusjonen på Jølstravatnet.....	side 31
ANNE GRETE HELGHEIM:	Med hjarte som drivkraft.....	side 34
FRIDTJOF URDAL:	Kulturmøte i Sunnfjord .....	side 38
ZAKARIAS G. HUUS:	Tilbakesyn .....	side 40

2

## REDAKSJONEN I JØLST:

Stig Årdal, kontaktperson: [stig.aardal@enivest.net](mailto:stig.aardal@enivest.net)

Hallstein Dvergsdal: [halldve@frisurf.no](mailto:halldve@frisurf.no)

Svein-Olav Sandnes: [svein.olav.sandnes@gmail.com](mailto:svein.olav.sandnes@gmail.com)

## STYRET I JØLSTER MÅLLAG:

Hilde Yndestad Halland, leiar

Hallstein Dvergsdal, nestleiar

Einar Gautefall, kasserar og nettansvarleg

Silja Juklestad, skrivar

Siv Birkeland Årdal, styremedlem

## ADRESSA TIL MÅLLAGET:

Jølster Mållag

v/Einar Gautefall

6843 Skei i Jølster

*Du er hjarteleg  
velkommen til å bli  
medlem i laget!*

Medlemskontingenten er kr 200





## Kjære lesar

Vi er i ferd med å leggje bak oss det første tiåret i det nye hundreåret. Dette siste året vil kanskje først og fremst bli hugsa for den kaldaste vinteren på svært lenge. Straum-

tider vere vanskeleg i ei tid og i ei verd der språk og dialektar blir påverka frå mange kantar og gjennom mange kanalar. Ein del lokallag slit med å halde oppe aktiviteten, og

Eldre årgangar av bladet er no digitaliserte og tilgjengelege på Jølster Mållag si nettside. Dette er eit tilbod vi vonar vil vere til glede og nytte for både nye og gamle lesarar av bladet.



prisane fór til himmels for å bli der, og mange jølstringar sleit med frosne vassleidningar og tome brønner. Sommaren var heller ikkje av den sorten som vil bli hugsa for mange og lange soldagar.

Då kan det vere greit å vite at enkelte ting går sin vande gong, heilt upåverka av vêr og vind. Ein slik ting er bladet du no held i handa, Jølst, som tradisjonen tru dukkar opp når det nærmar seg jul. Også i år er bladet ei blanding av nytt og gammalt, med stoff levert av jølstringar både heime og ute. Av jølstringar ute, har vi i år fått med Dag og Tid-journalist Roald Helgheim, som har teke føre seg skeisesporten på Jølstravatnet for omlag femti år sidan. Ei passeleg sak etter ein vinter med uvanleg mykje skeiseaktivitet på vatnet.

Ein av dei mest kjende jølstringane gjennom tidene, målararen og grafikaren Ludvig Eikaas, gjekk bort no i haust. Med han er ein ruvande og spesiell kunstnar, og ein stor Jølsterpatriot, borte. Eikaas blir omtalt i ein artikkel her i bladet, signert Helge Arild Bolstad. Ludvig Eikaas døydde dagen etter at han vart heidra med eit seminar på Eikaasgalleriet, eit seminar der tre føredrag var med å kasta lys over kunstnaren og kunsten hans.

Det å drive mållagsarbeid, kan til

Sogn og Fjordane Mållag lukkast ikkje med å finne ny leiar på årsmøtet sist vinter. Dette gjev grunn til uro i ei tid då nynorsken er under hardt press, og i ei tid då skriftspråket ser ut til å bli meir og meir utvatna av SMS og nettspråk. Her vil det nok bli nok å gjere for Språkrådet framover, eit råd der mangeårig og profilert leiar, lustringen Sylfest Lomheim, no har takka for seg.

Internett blir meir og meir viktig som kommunikasjonsmiddel. Dette har sjølvsagt Jølst teke konsekvensen av.

Jula og eit nytt år står for døra, eit år som markerer hundreårsjubileet for innføring av nynorsk i skulane i Jølster. Dette er eit hundreårsminne som Jølster Mållag har planer om å markere, men det er neste år. No håpar redaksjonen at dette bladet fell i smak, og vi takkar alle som har levert stoff.

**Ei fredeleg jul og eit godt nytt år til alle!**

H.D.

### Tre ting

Ingen er så koparblank  
som nye augustmånen

Ingen er så mjuk og varm  
som katten,  
han mel i bolet

Ingen kjenner den skrekk  
som musa har for kloa.

Fridtjof Urdal

### E39 frå sørsida

Med lysplog  
og dieselande  
duvar eit  
vogntog  
over nattevåt asfalt  
På hi sida av vatnet.

Fridtjof Urdal



# Eikaas om Eikaas

Elsa Eikaas i samtale med Helge Arild Bolstad

*Eit nyfødd guttebarn vart i si tid amma i eit gammalt tun på Nedrebø i Ålhus.*

*– Var det derfor så mykje god kunst hamna i Jølster? spør Elsa Eikaas. Den ukjende samanheng vert avslørd seinare i dette minnet om ein kjær slektning og ein nær ven.*

Far til Ludvig Eikaas og far til Elsa, skuleskapar Kristian Eikås, var halvsysken. Så lenge Elsa kan minnast, vart det i deira heim snakka vel om denne unge Ludvig som så gjerne ville bli kunstnar der inne i hovudstaden.

– Far såg nok tidleg det talent Ludvig hadde som formgjevar og biletmakar, meiner Elsa Eikaas. – Medan det fanst ein viss skepsis til eit slikt val av yrke i slekta elles, oppmuntra far Ludvig til i alle fall å prøve seg. I ettertid ser eg godt kor dristig dette valet var av både far og Ludvig. Landet vårt var okkupert. Pengemengda var lita i Jølster som i landet elles. Det må ha vore ei enorm kraft og ein sterk vilje som alt den gongen styrde drifta til den unge Ludvig frå grenda Eikås, trur Elsa.

## Ein trist og tagal mann

Men armotsåra under og etter krigen sette sine spor, meiner ho å hugse. Sist på 40-talet kom Ludvig Eikaas heim att til Jølster med den familien han då hadde skaffa seg. Dei blei buande vinteren over i det huset i Sandalen hennar familie hadde flytta frå då Heimyrkeskulen vart etablert på Vassenden.

– Det var i huset der på Seljebakken eg hadde mitt første møte med dette syskenbarnet mitt. Eg hugsar det så særskilt godt fordi eg – i strid med alt eg hadde høyrte om mannen – møtte ein Ludvig prega av tungsinn. Far hadde fortalt oss om denne "døds-gjengen" av unge kunstnarar som der inne i Oslo var blitt på førenamn med det som fanst av politi. Så møter eg denne legenda som ein både alvorleg,



*Kunstnaren Ludvig Eikaas frå Jølster døde 5. september i år. Både som kunstnar og professor ved Statens Kunstakademi, sette Eikaas sitt sterke preg på utviklinga av norsk biletkunst etter krigen. "Jølstring og europear", har venen Jahn Otto Johansen kalla mannen som så generøst skjenka heimbygda dei mange kunstverk som vil leve lenge etter skaparen frå grenda Eikås. Foto: Privat*

stille og litt hjelpelaus kar her i Jølster. Fattigdomen under og rett etter studietida endra nok denne glade ungdomen meir enn godt var for helse, har eg seinare tenkt. Mor og far såg nok dette langt klårare alt den gongen og sette mangt inn på å få den vesle familien over kneika. Mor reiste kvar morgon opp til Sandalen og fyrde i omnen for dei. Far initierte og organiserte, saman med andre, ei utstilling av bileta hans i Førde i 1949.

– Dette var den første utstillinga i landet med berre Eikaas-kunst, fortel Elsa.

## Den mjuke Ludvig Eikaas

Det neste minnet Elsa Eikaas har om Ludvig, er frå Fluge. Ludvig Eikaas var komen til Jølster og Pertunet for å presentere den nye sambuaren sin, Synnøve Anker Aurdal, – den seinare så respekterte tekstilkunstnaren. Anker Aurdal sat der i halvmørkret med det svarte håret sitt over ein kvit kjole, stram og stille som ei bibelsk jomfru.

– Det var ein heilt annan Ludvig eg den gongen såg att. Det var ein engasjert mann som kry fortalde om det samkvem og det samarbeid dei to no såg føre seg. Det var elles òg stor semje i familien her i Jølster om at Ludvig endeleg hadde funne den roa han som heilt ung kunstnar hadde sakna.

Mange år seinare budde Elsa Eikaas fleire dagar hjå Synnøve og Ludvig i deira heim i Madserud allé i Oslo.

– Igjen såg eg den store respekt Ludvig hadde for denne sambuaren sin. Det var den mjuke Ludvig Eikaas som eg møtte i samveret mellom dei to, – ikkje den bajasen han ofte var blitt framstilt som i media og gjennom dei rykte som gjekk, ikkje minst her i Jølster.

For medan Synnøve og Ludvig delte kjøkkenteneste og gjorde kvart måltid til ein slags seremoni, vart Elsa Eikaas heime i Jølster skaka over den haldning mange jølstringar hadde til den utflytta kunstnar og professor ved Statens Kunstakademi:

– Eg var innom ein heim her i Jølster der Ludvig vart ledd hånleg av både som menneske og kunstnar. Utover bygda var det oftare slarv enn kunnskap som spreidde seg grendene imellom når nytt om mannen vart drøfta. Ludvig var i heimbygda, slik eg opplevde det, blitt redusert til ein slags komisk figur. Eit festleg menneske var i folks fantasi blitt omskapt til eit festmenneske, – ikkje ulikt, forresten, den holdning bygdefolket eit par generasjonar før hadde hatt til Nikolai Astrup.



## Den leikande Ludvig

Ja, Ludvig var mannen som klokka åtte om morgonen kunne banke på døra di og be deg med på champagnetur til Fjærland. Han var òg den impulsive Eikaas som kunne forlange fela si henta med drosje ein dag han oppdaga at ei magedansarinne gjekk på målarkurs i Jølster. I Bergen kunne han seint ein kveld få slipset klypt av seg fordi han nekta å fjerne eit halsplagg farga og sydd som det norske flagget. Han var også pedanten som aldri drog nokon stad utan børste og skokrem i veska si, fordi, som han sa, "med nypussa sko treng ingen vere redd for noko!"

Det er blitt hevda at Ludvig Eikaas, av grunnar som desse, var ein ekstremt sjølvoppteken mann. Elsa Eikaas ser dette ganske annleis. – Det vi ved slike høve såg, var "spøkefuglen" Eikaas, – eit leikande menneske som ville invitere også andre med inn i desse morosame sider ved livet. For først og fremst var han eit raust menneske som heile tida gav av seg sjølv. Då eg ei tid held målar-kurs kvar sommar på Jølstratunet, kunne Ludvig utan vederlag bruke fleire timar om kveldane på å gje dei glade amatørar seriøs kritikk og gode råd. Då eg den gongen opplevde professoren frå Jølster i ein undervisningssituasjon, forstod eg òg godt kvifor han var så elska av studentane sine, fortel Elsa.

## Var oppteken av røtene

Elsa Eikaas hadde attende i Jølster fått sjå tidlege verk av Ludvig hjå søster hans, Åsta. I Pertunet, hjå Helga Fluge, hang sameleis måleri laga av den unge Eikaas. I Bergen hadde ho sett ein del av den nyare produksjonen, og som student i kunsthistorie var ho blitt innprenta den betydning Eikaas har hatt for utviklinga av norsk biletkunst i etterkrigstida. Som far sin før henne, sette Elsa seg no føre å presentere den verkelege Ludvig for det folk i Jølster som hadde forgapt seg i dei einssidig muntre segner kring levemannen Eikaas.

– Ludvig Eikaas var på mange måtar blitt eit "bymenneske", ingen tvil om det. Men livet gjennom var han oppteken av røtene sine, og han hadde eit så særskilt godt auga til eit

nedfallstruga tun i Ålhus at det beint fram forbausa meg. Då ei stifting og eit venelag tok på seg å kjøpe og restaurere dette gamle tunet, var Ludvig og Synnøve mellom dei første til å gje arbeid til ein kunstauksjon som skulle finansiere handelen. Ludvig fekk også fleire av kunstnarvenene sine i Oslo til å gje sine bidrag til auksjonen.

## Far hans berga i Ålhus

Elsa Eikaas var frå dag éin leiar for dette prosjektet i Ålhusdalen, og kan i dag avsløre årsaka til dette engasjementet frå Ludvig si side.

– Ludvig si spesielle interesse for Bendiktunet hadde si dramatiske forhistorie. Far hans, Daniel, var blitt amma i tunet av ei morsøster då mora døydde i barsel. I dette tunet var den vesle Daniel så blitt buande til han var blitt tre år og kunne reise heim att til ein far og ei stemor. Dette var ei hjelp Ludvig må ha tenkt mykje på som ung mann og vaksen. Han let i alle fall aldri vere å fortelje denne saga så snart samtalen kom inn på det gamle tunet og folka der, fortel Elsa Eikaas.

Føremålet var den gongen å gjere det gamle Bendiktunet om til eit kunst- og kultursenter.

– Det var i tråd med dette den tanke slo meg at vi i stiftinga også måtte prøve å få litt av Eikaas sin kunst hit til heimbygda hans.

## Gåve med forviklingar

Her såg Elsa Eikaas ein sjanse til å presentere den seriøse kunstnaren Ludvig Eikaas for folk i Jølster, som ei motvekt til dei mange rare soger som gjekk om mannen. Elsa fortel:

– Det gamle meieriet på Ålhus var til sals. Eg drog til Førde og fekk overtalt Sunnfjord Meieri til å utsetje salet til spørsmålet om eit kunstgalleri var meir avklara. Eg reiste til Oslo, la idéen fram for ein velvillig Ludvig og kom heim att med ein avtale der Eikaas gav Stiftinga Bendiktunet 100 sentrale kunstverk. Motytinga var eit galleri der Ludvig også kunne bu medan han vitja Jølster.

I ettertid tenkjer Elsa Eikaas at ho i denne saka nok "kutta svingar", men ikkje for mange. Då det synt seg at kommunen den gongen ikkje kunne



Odd Tandberg vitja Ludvig då Eikaas i 2008 runda 88 år. I dag er Tandberg den einaste att av denne gjengen av "berykta" kunstnarar. Dei andre var Tor Hoff, Gunnar S. Gundersen og Egil Øen. Foto: Elsa Eikaas

tilføre den gode tanke nødvendige midlar, hadde ikkje Stiftinga Bendiktunet åleine råd til å finansiere eit galleri i meieribygget.

– Å ta turen tilbake til Oslo for å orientere Ludvig om at han burde gje kunstgåva med sine motytingar direkte til Jølster kommune, var ikkje noko stort problem for meg. Tilsagnet om ei kunstgåve til Ålhus var gjort. Frøet var sådd. Ei tid etter tok Jølster kommune over Ålhus meieri, bygde det fint om til eit praktfullt galleri, og Ludvig hadde stor glede av å få kunstverka sine på plass i ei samling som er blitt støtt større, – ein generøsitet som sonen Stig så tydeleg har arva.

– Men, presiserer Elsa Eikaas; utgangspunktet var dei ømme tankar Ludvig gjorde seg kring eit tun på Nedrebø og det folket som hadde teke så vel vare på far hans då denne vart morlaus frå fødsel.



# Idrettsbrørne frå Sandneset

Av Johnny Solheimsnes

I tidlegare nummer av Jølster har ein teke fram og presentert gamle idrettsutøvarar frå Jølster. Dette er personar som for nokre tiår tilbake markerte seg sterkt i sin idrett, ikkje berre i Jølster, men også langt utover distriktet. I fjor vart Harald Hjellbrekke portrettert. Han var i si tid mellom dei beste i fylket både i langrenn og friidrett. I år har skal vi sjå nærare på to andre utøvarar som både i lag og kvar for seg markerte seg i fleire idrettar. Dette er brørne Knut og Kristian Sandnes.

spesielt langrenn. Såleis vart han med på nokre bygderenn i Jølster. Det var ikkje snakk om å trene så mykje. Det vart nokre få økter veken før sesongstart – det var alt. I 1947 kan Knut hugse at han møtte før nemnde Harald Hjellbrekke og vart med han på nokre treningar. Dette vart hard og uvant kost, då Harald var kjent for å trene temmeleg harde økter. Under militærtenesta på Hvalsmoen stilte Knut opp på eit hinderløp. I ei knallhard løype vann han

ikkje alltid like enkelt å få tid til å drive sin idrett. At ein deltok på konkurransar i helgane og spesielt på søndagane var akseptert. Likeins at ein som ungar brukte fritida til leik og trening. Men at ein vaksen mann skulle bruke dyrebar tid midt i "ørka" til å trene var bortimot skandale. Av den grunn la Knut som oftast treningstuarane sine til seint på kvelden, etter det var mørkt. Han kan fortelje om turar langs riksvegen til Skei eller til Ålhus. Her var det ikkje berre snakk om å



Knut Sandnes er fødd i 1929 medan Kristian er seks år yngre. For begge var langrenn hovudidretten, men dei var begge også innom friidrett, og då spesielt terrengstafettane. Spesielt Knut var aktiv lenge. Han starta første gong å konkurrere på slutten av 1940-talet og gav seg ikkje før i 1969. I desse åra var Knut alltid å rekne med i langrennsporet, og det var mange som fekk røyne seg når dei var i konkurranse med han. Kristian hadde ei kortare karriere. Også han starta som langrennsløpar og hadde her sine beste år på slutten av 50-talet og tidleg på 60-talet. Han la opp som langrennsløpar i 1963, men var i fleire år etter dette med på Jølster sitt veteranelag i terrengstafettane.

## Starten

Då krigen var over i 1945 var Knut 16 år. Interessert i idrett var han, og då

med over 3 minutt til neste mann. Det var då han forstod at han nok hadde eit visst talent for dette.

## Skimiljøet i Jølster

I åra etter krigen var det eit lite men aktivt skimiljø i Jølster. I Årdalen, som var deira krins, hugsar karane at Ola Dagfinn, Sigbjørn og Olav Årdal alle var aktive i bygderenna rundt om i Jølster. Då Knut og Kristian starta å konkurrere var det jamaldringane Knut O. Øygaard og Johannes Helgheim dei konkurrerte mest i lag med. I 1955 vart alle dei små idrettslaga i Jølster samla til eitt lag, og frå då av stilte desse fire karane ofte i lag på skistafettane. Her vart dei etterkvart ein nærast uslåeleg gjeng.

## Treningar

For desse to, til liks med andre som vaks opp like etter siste krig, var det

*Idrettsbrørne: Kristian (t.v.) og Knut Sandnes.*

*Foto: Johnny Solheimsnes*

springe, men også langrennsøktene kunne føregå her. Grunnen til dette var at det ikkje fanst lysløyper i dei dagar. På riksvegen var jamt å gå, og av og til kom det ein og annan bil og lyste opp. Karane kan fortelje om ein langtur til fots innover Årdalsdalen til Legestøylen ein sein haustkveld. Det var kjøleg og om natta fraus det på. Då Bjarne Erikstad neste dag var på veg innover same vegen og såg desse spora, stussa han fælt på kven som hadde vore her og teke så lange steg ...

Knut fortel at han på siitt beste "kun" fekk tid å trene tre dagar i veka. Det var alltid harde økter, og når desse ofte føregjekk seint på kveld, var det



ikkje alltid like enkelt å få sove etterpå. Etterkvart fekk Knut kjøpt seg ei hovudlykt. Han laga seg då ei rundløype i snøen rundt på bøen heime. Her vart det mange turar rundt om kveldane etter at fjøstell og anna arbeid var unnagjort.

### Treningssamlingar

Det var ikkje ofte utøvarane frå Jølster møttest for å trene. Men det skjedde av og til, og gjerne føre terrengstafettane. Ein kan såleis lese i årsmeldinga til Jølster IL frå 1964 at det hadde vore samling i Sandneset 3. påskedag. Etter ei hard treningsøkt utover mot Ålhus med Harald Hjellbrekke i tet, bydde Knut inn til bad heime. Knut fortel også at han brukte å delta på skikrinsen sine samlingar, som ofte var på Utvikfjellet. Dei kan hugse at to kjende namn i skimiljøet i Noreg i dei dagar var med her – nemleg Kristen Kvello og Magnar Ingebrigtslid. Her var det harde treningsøker og innlagde konkurransar. At Knut også var ein habil terrengløpar, kan ein forstå då han på desse samlingane ofte vann dei innlagde konkurransane her.

### Utstyr

Å skaffe seg godt utstyr, spesielt til langrenn, var ikkje alltid like enkelt. Knut fortel at det vanlege var "å skrive etter" ski for å få dei tilsendt. Sjølv om ein fekk seg fatt i gode langrennski, hadde ein i starten ikkje råd til lette skisko. Nei, det var dei gamle bek-saumarane som vart brukte. Kvart skipar vart også brukte både vel og lenge, og etter som sesongane gjekk mista treskia meir og meir spensten og dermed glien. Mange gonger hadde han smurt opp skia på beste vis, for etter kort tid ut i løpet merke at spensten forsvann, festesone tok ned i og farten dala.

### Konkurransar

Både Knut og Kristian konkurrerte etterkvart rundt om i heile Sunnfjord. Det var skirenn i Naustdal, i Angedal, på Haukedalen eller lokalt i Jølster. Pokalkampen mot Naustdal var viktig. I desse konkurransane tok Knut og Kristian dobbelsiger fleire gonger. Men dei møtte hard motstand, og spesielt nemner dei Haldor

Herstad. Etter kvart reiste ein også til Nordfjord og til Sogn på konkurran-sar. Når eg lurar på korleis ein kom seg fram fortel dei at det som oftast var med privatbil, der gjerne Knut O. Øygard eller Torleif Årdal var sjåførar. Sistenemnde var ikkje sjølv aktiv, men var veldig interessert i all idrett og ein svært så ivrig tilskodar.

I 1950 vart Knut krinsmeister for første gong. Han stilte då i B-klassen. Systemet då var sånn at ein kåra meistarar både i A- og B-klassen. Etter siger i B-klassen rykte ein opp. Utover 50-talet var Knut mellom dei beste i Sogn og Fjordane skikrins. Av konkurrentar hugsar dei spesielt godt Jakob Holme frå Hyen og Rolf Tvinnareim frå Stryn. Jakob var muleg å

“ At ein deltok på konkurransar i helgane og spesielt på søndagane var akseptert. Likeins at ein som ungar brukte fritida til leik og trening. Men at ein vaksen mann skulle bruke dyrebar tid midt i “ørka” til å trene var bortimot skandale.

komme på talefot med, men Rolf Tvinnareim var så godt som uslæeleg, og hadde hevd på 1. plassen her i fylket i mange år. Stafettlaget til Jølster var godt, og vart krinsmeistarar mange gonger. I starten var det Knut, Knut O. Øygard og Harald Hjellbrekke som var med her. På slutten av 50-talet overtok Kristian for Harald. Sine beste år som langrennsløpar hadde Knut rundt 1960. Då var også Kristian på topp. Kristian meinar sjølv at han gjekk sitt beste renn under Fylkesmeisterkapen i Angedal i 1961. Her vann han B-klassen på 15 km.

Dei første åra på 60-talet var det omtrent ikkje snø her i distriktet. I 1961 skulle Jølster vere arrangør av Krinsmeisterskapen for Fjordane. Då det ikkje fanst snø nede i bygda, vart det bestemt å flytte rennet inn i Gotalen, over ein times gange frå Øvre-bø. Til trass for dette, var her mange med. Kristian gjorde eit godt løp og tok 2. plassen, bak tidlegare nemnde Rolf Tvinnareim. Knut var denne gongen sjuk og var ikkje med.

I 1963 arrangerte Jølster IL Vestlandsmeisterskapen på ski. Dette var det største idrettsarrangementet som nokon gong hadde vore i Jølster, og i ettertid vart det sagt å vere det beste Vestlandsmeisterskapet som nokon gong hadde vore arrangert. I den harde konkurransen vart stafettlaget til Jølster nr. 5. På laget gjekk her Nils Nedrebø, Kristian og Knut på siste etappe.

### Terrengstafettar

Ein vanleg kombinasjon i Jølster, både no for tida og i gamle dagar, var å vere skiløpar om vinteren og stafettløpar om våren. Så også for Knut og Kristian. På 1950-talet var Tambarskjelvar dominerande i terrengstafettane. Det var Breimstafetten som var det store, og her vann Tambarskjelvar alle år frå 1951 til og med 1961, med unntak av to år. Jølster vart nr. 2 både i 1957, 58 og 59, men lukkast aldri i å vinne. Både Knut og Kristian var fast inne på laget. Knut fekk som regel den berykta “Råda-bakken” (1000 meter i hard stigning), medan Kristian ofte hadde 3. etappa. I 1957 leia faktisk Kristian heile stafetten med over 30 meter på si etappe. Sjølv om Jølster fall litt tilbake på dei neste etappane, sprang Knut laget igjen opp i tet på si etappe, før Tambarskjelvar kom tilbake og vann knapt føre Jølster. I 1958 klarte Jølster endeleg å slå Tambarskjelvar. Men, det som skjedde då var at Firde Gymnas stilte eit kjempesterkt lag og vann heile stafetten ... Karane hugsar godt fleire av dei som var med på Jølster-laget i desse åra, og nemner mellom andre Ragnar Aaland, Olav Myklebust og Dagfinn Strand.

Utover 60-talet heldt Kristian fram med å springe på Jølster-laget, medan Knut ikkje var så mykje med her.



I 1964 vann Jølster Naustdalsstafetten for første gong. Kristian var med. Dei deltok også så langt vekke som på Syrilstafetten på Leikanger.

I 1970 vart det sett opp ein ny klasse på Breimstafetten: "Old boys". Dette var eit tilbod for "gamlekarane" (35 år og eldre). Samuel og Sverre Førde gjorde opptak til at Jølster skulle stille lag her. Kristian var med, og det gjekk ikkje verre enn at Jølster vann heile konkurransen.

### Baneløp

Å konkurrere i friidrett på bane var det sjeldan Knut og Kristian gjorde. Knut kan hugse at han ein gong var med på ein 5000-meter på Byrkjelo. Dette kunne ha vore på slutten av 50-talet. Forma var god og forventningane deretter. Men då han ikkje hadde trena på slikt underlag før, syntet seg snart at dette bar gale av stad. Beina stivna

og visna liksom heilt vekk. Sjølv om han vart nr. 2, vart ikkje tida betre enn i underkant av 18 minutt.

Kristian kan fortelje at eit år Jølster skulle stille lag på 4 x 1500 meter banestafett, var det kamp om plassane, og at det vart arrangert uttakingsløp på Byrkjelo. Kristian kan hugse at både Olav Støylen, Erik Klægg, Ottar Svidal og Dag Heggheim var med, utanom han sjølv.

### Avslutning

Det er interessant å høyre desse karane fortelje om korleis det var å vekse opp i Jølster for 50–60 år sidan. Dette var før fjernsynet var vanleg, og det er fasinerande å høyre om kor

mange tilskodarar det kunne vere, sjølv på lokale idrettsarrangement i Jølster. Det er nesten utruleg å høyre at på hopprennet i Bjørnabakken under Vestlandsmeisterskapen i 1963, var det nærare 2000 tilskodarar på plass!

Når eg pratar med Knut og Kristian, prøvar dei begge å tone ned sine eigne prestasjonar. Dei synes vel helst at dette ikkje er så mykje å skrive om. Men, etter å ha høyrte kva dei har å fortelje, er det heilt klart at desse fortener sin plass i idrettshistoria i Jølster.

## Jylst

Kvar dag e Jølsterdag,  
sol, vind eller regn,  
da se'kje ut te å bli stort penare tegn.  
Her e da liv, her e da ro.  
Ville ikkje vore nokon annan stad no.

Kor ska du gå når dagen er grå?  
Jølster e plassen, da må du forstå.  
Trongt om plassen sjølv om folkje e få,  
men Jølster e plassen å gå.

Eg kika i kring meg,  
berre kjentfolk å sjå,  
da e'kje noke som sløkkje humøret mitt då.  
Plassen e'kje kjent, den er heller ikkje stor,  
men den e no i all høve finast på jord

Kor ska du gå når dagen e grå?  
Jølster e plassen, da må du forstå.  
Trongt om plassen sjølv om folkje e få,  
men Jølster e plassen å gå.



Karane bak songen "Jylst" f.v. Daniel Grimsbø Aase og Sondre Øvrebø. Dette var eitt av deira innslag på UKM 2010. Foto: Hallstein Dvergsdal

**COOP**  
marked

VASSENDEN – Tlf. 57 72 72 00

Velkomen til triveleg handel

OPNINGSTIDER:

Måndag-onsdag 9–18 • Torsdag-fredag 9–19  
Laurdag 9–16

Medlemsinformasjon • Kjøpeutbytte 3%  
ON LINE



Sentral godkjenning Nr. 200 1010353  
Org. No 991 440 526 MVA

tlf. 57 72 83 67 – mobil 95 20 04 33  
fax. 57 72 85 40



# Olav Rusti frå Jølster?

Av Fridtjof Urdal

*Det er ein feil som er årsak til denne artikkelen. I fleire elles litande oppslagsverk står det at kunstnaren og norskdomsmannen Olav Rusten, seinare Olav Rusti, voks opp i Jølster, der faren Abraham Rusten var lærar. Det er ikkje rett.*

Olav Georg Martinius Rusten var fødd i Vanylven i 1850. Han flytte med foreldra Abraham og Antoinette til Tromøy og sidan til Søgne i 1854, der faren var lærar og klokkar, samstundes med at Peder Bjørnson var prest. Samlivet mellom klokkar og prest var ikkje det beste. Rusten var ein framstående lekmann og omtykt av bygdefolket, noko Peder Bjørnson ikkje alltid var.

## Ungdomsår i Jølster

Ein kan likevel ikkje seie at Jølster er teke heilt ut or inkje. I 1864 fekk Jølster ny prest, Erik Olsen. Han var morbror til Olav, og til honom vart han send og sett i skule og konfirmert i Ålhus kyrkje i 1867. Kunsthistorikaren Ole Rønning Johannesen syner i ein artikkel i Kunst og Kultur 1955 til kva Olav skriv i dagboka frå tida i Jølster: "Siden talte vi om Malerier, Forfattere og Digtning og Andet, som kun vi der tænkte at gjøre så meget i Fremtiden kunde finde paa at snakke om". Dette kan gje eit peik om at Olav var hamna i eit miljø som verdsette slike ting. Han skriv òg om kor han arbeider med teikning og lagar portrett, og at han treffe er ei Ingeborg frå Jølster sanningsvitne på: "Nett so ein saag de. Æ veit korleis han e".

## Kunstutdanning

I 1867 byrja Olav på målaraskulen hjå Johan F. Eckersberg. Der kom han i hop med Otto Sinding, Eilif Peterssen og Skredsvik, kunstnarar han skulle ha venskap med livet ut. Frå målaraskulen reiste han vidare til København, og i 1869–71 studerte han ved akademiet og fekk portrettmålar Jo-

han Frederik Vermehren til lærar – ein av dei store i dansk 1800-tals kunst, ein utifrå dyktig teiknar. Sommaren 1870 tok Rusti på ferd til Telemark og henta seg skissetilfang, som skikken var. Det vart både natur- og ikkje minst interiørstudiar. Bondebileta til Rusti var gode, og dessutan treffe dei i tid og smak. Han selde godt i Christiania kunstforeining og fekk seg eit namn mellom det kjøpande publikum. Så langt fryd og gaman – seinare vart det ballade.

I 1873 gjekk ferda vidare til kunstakademiet i München, der hadde han lærarane Otto Seitz og Wilhelm Lindenschmidt. Desse hadde dei gamle meistrane til stilideal, og Rusti var ein stor ovundrar av 1500-tals meisteren Hans Holbein. Rusti blei verande i München til 1881. Ein god del norske kunstnarar heldt til i München den tid. Dei fleste er gløynde no, men allment kjende og akta er Harriet Bacher, Gerhard Munthe, Erik Werenskiold og Eilif Peterssen.

## Velkjend og omstridd

I dag er ikkje Rusti av dei namnfræ-gaste, men i samtida var han velkjend, ja, til dels omstridd. I 1876, då Christiania kunstforeining refuserte "Kone med katt" ("Rustis spedalske kone"), vart det spetakkel. Dei vise borgar i kunstforeininga forvalta "den offentlige smag" og likte ikkje den nye, etter deira syn, uvakre målarstilen, som braut med ideal frå nasjonalromantikken. Denne striden førte fram til kunstnarstreiken og opprettinga av Haustutstillinga. Der fekk kunstnarane råd for kva som skulle med og ikkje.

Som så mange unge kunstnarar prøvde Rusti seg på historiske, mytologiske motiv og lett seljelege "sofastykke". Men det han vart kjend for var portrettkunsten, både med blyant og pensel. Eit av dei fremste i olje er av generalinne Fredrikke Gram. Ho heldt ope hus for dei norske kunst-



Olav Rusti.



Frida Rusti.

narane i München. I hennar hus var det òg ei dotter, Andrea Gram, som Olav fekk eit godt auge til. Om det var manglande svar på kjenslene eller det sosiale gapet mellom general- og godseigardottera og lærarsonen som gjorde at det ikkje vart noko av, er ikkje godt å seie.

I 1881 tok Olav Rusti målaraskene og Åsen si ordbok og gjekk i kloster. Det vil seia, han busette seg i eit ned-



lagde cisterciensarkloster i Maulbrunn Baden-Württemberg. Der vart han verande til 1892. Venene vart ottefulle og freista å få han derifrå. Dei vart redde for han både som menneske og kunstnar, der han tåsa rund i munkekappe og måla bilete han seinare øydela.

## Urði

Heilt i einsemd kan han ikkje ha vore. I 1886 vart han kjend med den tyske målareren Frida Hoeck. Olav og Frida gifter seg på Leikanger i 1893. Der vart dei buande eit par år, før dei fer til Bergen. No stig Frida og Olav inn i norsk kulturliv. Dei kjøper den vakre empirevillaen Uren, og døyper den om til Urði. Dette huset gjorde dei til eit kulturhus for bygde- og norskskulturen på Vestlandet.

Forfattarinna Bolette C. Povels Larsen vitja Olav Rusti i 1896. "En gjorde store Øyne, det forekom en saa underlig alt dette. Gjennem en græsk Tempelgaard var en traadt ind i Salen, hvor der var gamelnorske Møblementet, men fra loft til gulv hang der moderne Malerier. Det var saa sælsomt, saa forskjelligt fra den trivelle Hverdagslighed, som vel muligt". At den nasjonale Rusti fann seg vel til rette mellom søylene er berre rimeleg. Det norsknasjonale skulle sameinast med det klassiske. Olav var Vestmann, og ei tid var han formann i laget. Hans Sæland fortel i minneboki si: "Rusti var like så noggrann og stilsikker i talemålet sit som han var i bileta sine og arga seg over at andre var slurvne. Han ynskte seg ein høg-norsk tale; det skulle vere høgtid og helg over målet. Slik måtte det òg verta med heile den nye kulturen. Det skulle verta ein opphøgd kultur i mål, sed og skikk, så vel som i husbu-nad".

Den unge nasjonen måtte finne att og styrkja røtene og nasjonale særkjenne. Norsk mål var viktig. Mykje av det (høgnorskingane) tala og skreiv, tykkjest i dag å vere tungt fordøyeleg patos, snevert krinsande om det bondenasjonale. I mange høve er dette å gjera dei urett. Dei berande i desse krinsane var folk med vidsyn og kunn-



*Rusti, Olav: Kone med katt. Bergen Kunstmuseum. Foto: Werner Zellien*

skap om, og ofte òg medlevande i, europeisk åndsliv. Ikkje berre Garborg rekna seg for jærbu og europear. Det var ein del av sjølve tidstønen. Det var ikkje det minste underleg at ein i mangt verdsborgar med fleire tiår utanlands var oppteken av det vesle norsknasjonale, snarare tvert om.

Urði må ha vore eit hus med opne dører for vener og meiningsfrendar, noko som slett ikkje tyder nett det same. Harriet Backer skriv: "Forge Søndag var jeg hele Dagen ude med Rustis og Hulda Garborg paa Øen Ask. Vi havde Niste med, kogte kaffe i Skoven og Rusti og Hulda sang Ivar Aasens deilige Sanger mens vi laa i Gresset. Det er saa morsomt at leve lidt sammen med den gjilde Rusti igjen". Hulda og Arne Garborg var kjære gjester i Urði til liks med målarar, diktarar, bladfolk, musikarar og teaterfolk, både kjende og gløynde. Frå Island kom nasjonalskalden Matthías Jochumsson. Dei var kulturbyggjarar, kvar i sin nasjon, og opptekne av det sams norrøne. Olav drog seg ikkje undan verv innan kunstlivet. Han var i styret for kunstforeininga og i tilsynet for biletgalle-

riet. Han var til hjelp og stø for andre yngre kunstnarar, så som Astrup og Bernt Thunold. Mellom anna var Olav og Bernt saman om dekorasjonane til Målmarknaden i 1907.

## Olav og Frida

Folkemusikken låg Olav og Frida hjarte nært. I 1896 vart den fyrste kappleiken skipa til i Urði. Dette vart rekna for eit storhønde, ja, endåtil sjølve renessansen for den norske folkemusikken. Vossastrendingen Sjur Helgeland var vinnar, Edvard Grieg var ein av tilhøyrarane. Grieg var sidan til stades på dei fleste kappleikane til han døyde i 1907.

Det er lite truleg det hadde vorte noko miljø kring Urði hadde det ikkje vore for Frida.

Frida Hoeck Rusti vart fødd 1861 i Karlsruhe i Tyskland, der faren var hotelleigar. Alt tidleg syntte ho store gjevadar, og ho hadde den fyrste utstillinga si 19 år gammal. I Berlin studerte ho under Karl Gussow (Krohg sin lærar), og i 1883 kom ho til Paris for å studera målararkunsten vidare. I 1885 debuterte ho som utdanna kunstnar. Ho var ei lita, spedbygd dame, med stor livskraft og eit einestående og raust humør. Ho var av det slaget som verka ha tid til alt. I mangt så var ho som ein motpol til den innovervende og til sine tider noko sturne Olav. Frida heldt i stor mon venelaget samla kring Urði, òg etter at Olav var borte. Han døyde i 1920, 70 år gamal. Frida gav seg ikkje på livet før i 1963. Ho var aktiv som kunstnar like inn i sine siste år.

Om ikkje det er nokon far eller minne etter dei få barndomsåra Olav Rusti hadde i Jølster, så er han og Frida vel verde eit minne, for i si samtid var dei viktige kulturpersonlegdomar.

Kjelder:

Wiig, Einar i Bernt Thunold  
Sæland, Hans  
Johannesen, Ole Rønning i Kunst og Kultur 1955  
Jerdal, Ludvik: Helgi Vaitýsson  
Ormhaug, Knut: NBL-artikkel  
Berg, Knut: Norges Kunsthistorie, 5. bind



# Nytt frå Jølster Mållag

Jølster Mållag har også siste året vore aktive og synlege.

Vi arrangerte hausten 2009 ein bokdag med svært godt besøk. Rundt hundre menneske fekk høyre Ottar Starheim snakke om Fylkesleksikonet for Sogn og Fjordane. Dei fekk også høyre Oddleiv Apneseth fortelje om korleis fotoprojektet Jølster 2008 har blitt motteke.

Målprisen for 2009 vart tildelt Steinar Dvergsdal for hans medvitne bruk av nynorsk i alle sine tunge verv innan organisasjons- og næringsliv, nasjonalt og internasjonalt.

Sommaren 2010 var vi så heldige å få den kjende og mykje omtalte forfatteren Karl Ove Knausgård til å delta på eit "bokbad" på Eikaasgalleriet. Knausgård har sterke røter i Jølster, og det

var med stor spenning vi sette i gong dette arrangementet på svært kort varsel. Men det synt seg at dette vart suksess, med det publikumsmessig største arrangementet i Jølster Mållag si søge. Rundt 270 menneske, inkludert eit stort pressekorps, gjorde dette til ei hending som vil bli hugsa lenge. Det vart mykje god presseomtale ut av dette, og såleis også god reklame for vesle Jølster Mållag.

Vi deltok også i år med stand under "Din Jølsterdag" på Skei. Der hadde

vi dialekttevling og medlemsverving, med mange innom standen for å slå av ein prat.

Jølster Mållag var representerte på fylkesårs møtet av Einar Gautefall og Hallstein Dvergsdal. Der gjekk lokal-lagsleiaren vår, Hilde Yndestad Halland, av som fylkesleiar, men utan at det lukkast å finne ny leiar. Ingrid Søyland og Hallstein Dvergsdal var utsendingar til Landsmøtet på Stiklestad. Med andre ord: Jølster Mållag er høgst levande og oppegående.

*Karl Ove Knausgård og leiar i Jølster Mållag Hilde Yndestad Halland.  
Foto: Hallstein Dvergsdal*

*Bokbadet med Karl Ove Knausgård på Eikaasgalleriet var godt besøkt.  
Foto: Hallstein Dvergsdal*





## 6. klasse – Skei skule 2010



12

Framme frå venstre: Ingunn Årdal, Morten Fossheim, Ole Kristian Dvergsdal, Andrea Jamaris Huus,  
Midtrekkja frå venstre: Kjell Inge Erikstad, Ola Vågane, Odd Rune Herstad Dvergsdal, Daniel Ramsli, Mari Krøke,  
Bak frå venstre: Tallak Hugøy, Karete Dvergsdal, Gunstein Son Bergheim, Christian Sunde, Severin Knutson Halland, Jenny Steinsund



VINTER

Snøen daler ned,  
himmelen er grå,  
alle barna leikar i snøen så glad.  
Snart kan vi stå på skøyter på Jølstra-  
vatnet vårt,  
barna hyl og barna ler etter ein fin  
vinterdag ute.

*Mari Krøke*




GISLE GRIS

Jegeren skyter med rifle  
skyter på vesle Gisle  
hans namn er Gisle Gris  
han vart skoten fordi han slapp ein fis  
mora hans skreik og vart raud  
men so hørte vi ikkje noko for ho og var daud.

*Odd Rune Herstad Dvergsdal*





## CLOVER

### KANINA MI

Eg har ei kanin som berre er mi.  
Den er grå og brun og mjuk som dun.  
Den er snill og fin eg er glad i mi kanin.

*Ingunn Årdal*

### GRISEN

Grisen står i døra  
og piller seg i øyra,  
plutseleg sa han au  
da var grisen dau.

*Ola Vågane*

### MIN VESLE GRIS

Min vesle gris  
slapp alltid ein fis  
med eit stort glis!  
Men det var utanfor  
huset,  
heldigvis!

*Tallak Ottarson Hugøy*

### NOVEMBER

Snart er det november  
Jula er i desember  
September har vore  
i ditta året.

*Jenny Steinsund*



### PÅ HUS

Hus er den beste plassen ein kan få,  
den beste plassen å bu på,  
over Jølstravatnet er utsikta god,  
der kjem det aldri flod.

*Andrea J. Huus*



### FOTBALL

Fotball her hardt,  
Du må vere smart,  
Velger du den rette veien,  
Scorar du og tar sigeren.

*Severin Knutson Halland*

### PARAPLYAR

Ein paraply,  
kan få deg til å fly,  
men viss det ikkje er vind,  
då er det synd,  
men viss du er dekkja med puter,  
då kan du berre slappe av,  
og prøve å ikkje bry deg,  
om nokon seier "du er rar".

*Daniel K. Ramsli E. Sumpton*





### MÅNEN SOM SOLA

Månen er trist og lei.  
Han ser på sola med misunneleg blikk  
og tenker  
"eg vil vere han eg og",  
men då forteljer den flotte stjerna at månen  
er den sølvlysande sola som alle elsker.

*Kjell Inge Erikstad*



### KUA

Der er kua,  
med den store pil og bua.  
Den er veldig stor og rund,  
og han kunne heksekunst.  
Han lagde ein rottehale,  
som kunne male,  
si eiga tale.

*Karete Dvergsdal*

### ROSER

Roser er røde  
Fioler er blå  
Damer er søte  
Men pass på!

*Gunstein Son Bergheim*

### KORT OG GODT

Dette diktet er  
kort og godt  
eg håper du  
har det flott.

*Ole Kristian H. Dvergsdal*

### FOTBALL

Fotball er bra  
fotball gjer oss glad  
når vi scorar mål  
jublar trenar Pål.

*Christian Bjelland Sunde*



### Vi medvirkar til å halde Noreg levande og grønt

...fordi vi bryr oss og fordi vi kan.

I meir enn 100 år har vi vore ein av landbruket sine viktigaste samarbeidspartnar. Det skal vi framleis være, samtidig som vår fagkompetanse skal komme alle til gode. Vi har mål om framleis vekst, innan både landbruksvirksomheita og gjennom alle våre dotterselskap.

Ein styrkar både samvirket og bondens innkjøpsmakt ved å nytte Felleskjøpet til innkjøp både privat og i drifta på garden.



Levende opptatt av det





# Til bål og brann

## – trolldomssaka mot Brite Mårsdotter Veiteberg

Av Stig Årdal

*Då Brite Mårsdotter Veiteberg den 3. februar i 1664 blei dømt til bålet, sa ho seg glad for å kunne vedkjenne seg sine synder. Gråtande takka ho prest, fut og domsmenn for at ho no kunne få lide for sine misgjerningar.*

Brite var den siste som blei avretta i ein hekseprosess som i åra 1663–1664 drog med seg sju personar på bålet. Ifølgje rettsdokumenta hadde Brite hatt samkvem med den vonde sjølv og gjeve seg hen til Satan. For Brite starta marerittet då ei av dei andre som blei dømd for trolldom, Ragnhild Myklebust, i eit rettsmøte på Henden i Gløppen den 4. mai 1663, trekte namnet hennar inn i saka. Umiddelbart etter å ha blitt utlagt, blei Brite tatt i forvaring og ført til futegården i Sunnfjord, som låg på Fure i Fjaler, for nærare avhøyr. Då saka til Brite kom opp, hadde Ragnhild alt møtt sin lagnad på bålet.

### Heksesabbat på Vora

Medan ho sat i arrest på Fure tilstod Brite å ha vore med Ragnhild til heksesabbat på fjellet Vora i Breim. Brite, som var frå Stardalen i Jølster, hadde i to og eit halvt år tent hjå bonden Nils Kobberstad på Myklebust i Breim. Det var der ho kom i kontakt med Ragnhild, som kom frå nabogården til Nils. Og det var på Myklebust at Ragnhild i 1662 kom til Brite og lurte på om ho kunne tenkje seg å vere med henne til Vora på jonsokaftan, noko ho takka ja til. Til fjells bar det, gjennom lufta, på ein kvit kjepp som det var festa svart hesteman til. Ragnhild fremst, og Brite bak. På fjellet openberra "den onde aand" seg for dei som ein mannsperson med eit andlet som var pryda med eit langt og spist skjegg, og kledd i ein lang og svart prestekjortel. På hovudet hadde han ei lita svart hue. På hender og føter hadde han klør – Brite kunne sjå

at dei stakk fram gjennom skoa hans. Frå ei bok som han hadde med seg las djevelen opp namna på dei som var møtt fram og som lova å tene og å følgje han. Deretter blei dei skjenkte frå eit blankt krus med ein raud drykk i som såg ut som blod, og som Brite tykte smakte ille. Så var det tid for dans, to og to saman, til takta frå ein trommeslagar som Brite kjente att som Anders Teita. Til liks med Ragnhild var han alt brent då saka mot Brite kom opp. Etter dansen stakk den vonde Brite i hennar venstre arm med ein syl og skreiv namnet hennar i boka si, med hennar eige blod. Etter å ha fornekt Gud og ha gitt seg over i djevelens teneste, blei ho lova å kunne få alt som ho "begierde". Brite hadde fått sitt djevelmerke, prøvet på at ho no hørte den vonde til. Men festen var ikkje over med det. Etter å ha fornekt Gud og gjeve seg over til den vonde sjølv, fekk ho tildelt ein eigen oppvartar. Mørch, som han heitte, var også i skikkelse av ein mannsperson. I motsetnad til den vonde sjølv hadde ikkje han skjegg, og såg etter Brite si meining ut som ein kaptein, men opphavet blei avslørt av klørne på både hender og føter.

Denne natta var det ikkje berre Brite og Ragnhild som møtte djevelen på Vora. Over tjue andre namngjevne personar var med på sabbaten. Namn som Veiteberg, Heggheim, Grepstad, Bolset, Fonn og Håheim fortel at mange av dei kom frå Jølster, og måtte vere folk som ho kjende eller i det minste visste kven var. Men også meir langfarande personar var møtt opp, m.a. ei kremmarkvinne frå Bremanger og eit par kvinner med Askvoll til etternamn. Ei anna kvinne kom frå Åfjord. To av kvinnene var frå Bygstad, og kom til fjellet ridande gjennom lufta, som Brite og Ragnhild, på ein svart kjepp som det var

festa kvit hesteman på. "Du har tent meg lenge", skal djevelen ha sagt til ein av dei. "Eg vil tene deg enno mykje lenger", skal kvinna ha svart. Dei fleste var kvinner, men også ein Hans Lammetun blei observert. Brite fortalde at han kunne sjå ut til å vere ein slag kaptein for dei andre som var der.

Trolldomshistoria til Brite held fram også etter at ho hadde vore på fjellet. Hennar patron, før nemnde Mørch, skal også ha kome til henne før jul, då husbonden hennar på Kobberstad gjorde i stand til julegjestebord. Mørch bad henne då om å vere med til julegjestebord på fjellet. Også mens ho sat fengsla på Fure kom han til henne, på jonsokaftan. Han spurde om ho ikkje lenger ville tene han. Nei, svarte ho då, no ville ho forlate han. Då skal Mørch ha svart at han no også vil forlate henne.

### Trolldom

Bortsett frå ei sak i 1325, kjenner ein ikkje til trolldomsprosessar i Noreg før reformasjonen i 1536. Den første kom i 1563. Deretter kom det ei voldsam auke i talet på dømde trollfolk, før det fram mot 1700-talet tok slutt om lag like brått som det blussa opp. Til saman kjenner vi namnet på 860 kvinner og menn – dei fleste var kvinner – som blei skulda for å utøve trolldom. På grunn av at ein del av kjeldematerialet er borte er truleg det reelle talet langt høgre. Men vi veit at det i Noreg blei avretta rundt 300 personar for trolldom. 43 av dei var frå Bergenus len, som i vår samanheng svarar det til noverande Sunnmøre og fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Den siste heksebrenninga i Noreg skjedde i 1695. Den nest siste dødsdommen som blei avsaugt i Noreg, kom mot Anne Overseter frå Nordfjord, som blei dømd til døden for trolldom i 1681. Endeleg punktum for





*Ei av førestillingane om hekse var at ho kunne ta seg fram gjennom lufta, gjerne på ein kjepp eller kosteskaft. For Brite og Ragnhild sin del blei turen til Våra gjort på ein kjepp med hesteman. Teikning av Francisco de Goyas, 1799.*



*Heksesabbatt, slik Johannes Praetorius førestilte seg det. Teikning frå 1669.*

dei norske trolldomsprosessane blei satt med ei trolldomssak i 1730 der den tiltalte blei frifunnen.

Trolldom blei knytt til tre omgrep, diabolisme, maleficium og signeri. Diabolisme føreset at ein har inngått pakt med djevelen og gjort seg skuldig i gudsfornekting og kjetteri. Dette var det grovaste tenkjelege forræderi, "crimen divine læsæ majestatis", og var ikkje mindre enn eit majestetsbrottsverk mot Gud. For eit slikt brotsverk var det berre ein utgang om ein blei dømd: døden. Det var nettopp eit slikt brotsverk Brite tilstod å ha gjort seg skuldig i når ho fortalde at ho hadde vore med på hekkesabbat.

Dei fleste av trolldomsskuldningane i Noreg bestod av påstandar om å kaste ulukker og skade på folk og fe. Dette var skadeutøving ved bruk av overnaturlige midlar, såkalla maleficium. Men maleficium trong ikkje nødvendigvis stå i samanheng med djevelpakt, eller diabolisme. I tillegg eksisterte det oppfatningar om

magiske handlingar av ikkjeskadeleg karakter, signeri. Her var målsettinga positiv, å hjelpe mot sjukdomar og skade. I mangel av legar og kunnskap om medisinar var ofte folk med magiske evner det einaste alternativet i kampen mot alvorleg sjukdom. Men vegen kunne bli kort til påstandar om maleficium om ein person likevel døydde etter å ha vore behandla med magiske avsvervingar og inntak av diverse motgifter.

### **Utlegging og kjedeprosessen i Nordfjord**

I rettsdokumenta frå saka mot Brite høyrer vi at ho blei utlagt av ei anna trollkvinne, Ragnhild Myklebust. Utlegging var vitneprov som tiltalte og dømde trollfolk gav om andre medskuldige personar. Ifølgje gjeldande rett skulle ikkje forbrytarar vitne mot andre, men i Noreg blei utsegn frå dømte trollfolk likevel akseptert som bevis. I mange av sakene var utlegging det einaste beviset som blei ført

i saka. I Noreg kjenner ein til 90 prosessar der medskuldige blei utlagt av dømde personar. Til saman blei det i disse sakene utlagt 353 personar, mange av dei blei stilt for retten og dømde.

Kjedeprosessen i Nordfjord såg si byrjing den 11. april i 1663 på Gimme stad i Gloppen, då ei kvinne med namn Kari Lassessedotter Teita Hole blei stilt for retten og tilstod å ha drive med trolldom. Her angav ho også si eiga syster, Kristina Skryppa, og hennar son, Aksel Nilsson Skryppa, i tillegg til nabokona Ragnhild. Alle blei umiddelbart tatt i forvaring. Den 4. mai same år blir Kari henta frå arresten, og i møte med syster, nevø og nabo, gjentar ho skuldningane. Det at Kristina gret blir tolka som at ho var forherda som følgje av djevelpåverknad. For trollfolk kan då ikkje gråte?

Etter kvart tilstod også Kristine at ho var godt driven i trolldomskunster, som ho hadde lært av ei omreisande trollkvinne frå Nordland som tigga og



lova bort sine trolldomskunster mot at ho fekk ei almisse. Når Kristina forsynte seg av ein drikk som kvinna rørte saman, kom djevelen sjølv til henne i skapnad av eit kje. Kristina svor seg til han, og lova å gje henne det ho bad om. Etterpå hadde ho vore til sabbat på Hornelen, dit ho hadde ridd på ein kalv som djevelen hadde gjeve henne. Både Hornelen og Vora var kjende samlingsstadar for hekkesabbatar og inngåing av djevlepaktar. Til liks med sabbaten på Vora, var det også på Hornelen dans og musikk og traktering av vin og øl. Hit hadde også son hennar, Aksel, vore med.

Historia til dei andre handla om mykje av det same. Også Aksel gret og bar seg. Men Kari, som hadde utlagt han, formante Aksel om at han må gje seg over til Gud og seie frå seg det vonde. Etter ny omgang med prest og sorenskrivar gav også Aksel etter for presset, og tilstod alt han var tiltalt for. I Aksel si historie var det Kristina, mor hans, som hadde gjeve han noko munngodt, samstundes som han avsvor si kristne tru. Straks kom djevelen til han. Han kunne også fortelja at før han fór til sabbat på Hornelen, kom ein smådjevel til han og la ein tung svevn over kona hans, så ho ikkje skulle merke at han var borte. Etter å ha tilstått bad han om at alle tre, han sjølv, mora og tanta, måtte få lide for sine synder.

Det var Ragnhild som hadde utlagt Brite. Også Ragnhild hadde lært trolldomskunstar av ei omreisande trollkvinne, som gav henne ein drikk, blanda med mjølk. Til henne kom djevelen i skikkelse av ein svart hund, kalla Sipiant. Hunden blei til og med til retten, men i nærvær av den gode prest bad Ragnhild om at Sipiant måtte forsvinne, for elles fekk ho ikkje fortalt sanninga. Gud må ha høyrte henne, for no fekk ho fortalt si sanning, ei sanning som ho stod på til siste slutt. I hennar versjon var det Sipiant ho rei på då ho fór til Vora. Under rettssaka bad ho om å få nattverd, så ho kunne døye med godt samvit.

10. juni starta rettssaka mot Lusi Hole, dotter til Kari, og Anders Teita, bror til Kari. Ifølgje Ragnhild var dei begge på Vora jonsokaftan 1662.

Både Lusi og Anders hadde fått ein drikk av mora, og straks viste ein smådjevel seg for dei; for Lusi i skapnad av ein krysning mellom barn og fugl, for Anders som ein grå katt. Også Lusi avsvor si kristne tru. Det var djevelen sjølv, i eigen høge person, som hadde undervist henne i trolldomskunster. Til slutt bad ho om å bli benåda til sverdet, men som vi har sett blei ikkje det tatt til følge; ho blei brent på bålet samstundes med Ragnhild.

Anders var neste mann. Om det var rett som det blei påstått? Om han hadde vore på Vora? Sjølv sagt har han ikkje ein sjanse. Først nekting. Kva anna kunne ein gjere? Så harde avhøyr. Deretter den forventede tilståinga. Han kunne ikkje hugse kor vidt han var på Vora den jonsokaftanen eller ei, men det fanst inga redning for han heller. Også han blei dømd til bålet.

### Arrest og avhøyr

Det låg alltid tilståingar til grunn for domfelling i trolldomssaker, nesten utelukkande som følge av både mental og kroppsleg tortur. I Brite si sak var det sorenskrivar Hans Clausson, den lokale lensmann Lars Askvoll, soknepresten i Askvoll Otto Jonasson og kapellanen Peter Henriksson, som stod for avhøret. Avstanden til hennar eigen sosiale stand var stor. Vi veit ikkje så mykje om arrestforholda til Brite. Men for dei fleste i tilsvarande situasjon var forholda så vanskelege at det i mange saker var tøft å overleve sjølve fengselsopphaldet fram til saka kom opp, ein situasjon som sjølv sagt gjorde det enklare for fut, prest og lensmann å få fram tilståingar. Frykta for det som kunne komme måtte i utgangspunktet vere lammande. Plassert i forvaring under elendige forhold, tok det ikkje lang tid før nedbrytingsprosessen var i gang.

Det talte nok heller ikkje til Brite sin fordel at ho hadde fått barn med sitt søskenbarn, Tore Jonsson Kopperstad. Dette var eit svært så alvorleg brotsverk etter den tids lovgjeving og moral. Ifølgje rettspapira var ho "itt besoffuit Quincfolck" som var berykta for trolldom. Barnet blei kalla opp etter mor si, og var under rettssaka plassert hjå mormora på Veiteberg.

Sjølv klagar Brite over at ho må lide for dette åleine, medan barnefaren på si side kjem unna ved å betale i pengar og gull.

Arresten kunne vere fuktige kjellarar i festningar og ulike kongelege anlegg. Eller i futegardar, som i Brite sitt tilfelle. Her sat dei, lenka fast, utan å kunne forsvare seg, medan øvrigheita samla prov og førebudde rettssaka. Åtte månadar. Opphaldet må ha prega Brite, mentalt og fysisk. Kanskje kom døden som ei frigjering, likevel? Det er dokumentert at tretten kvinner som var fengsla mistenkt for trolldom, døyde medan dei sat i forvaring, i påvente av at saka kom opp. Fleire av dei gjorde sjølv-mord, andre døyde av svolt og kulde. Fengsla, overletne til seg sjølv, i sin angst og under vanskelege forhold, var det ikkje mogeleg for dei tiltalte å forsvare seg. I møte med øvrigheita i lokalsamfunnet, konfrontert med det største tenkjelege brotsverk, majestetsfornærming mot Gud, måtte Brite ha kjent til skjebnen til dei andre. Ho måtte vite at bålet ikkje var langt unna.

Under avhøyr følgde tiltalemakta ofte same skjema. Det var dei same spørsmål og påstandar som kom opp. Den tiltalte blei formana, trua eller torturert til å svare stadfestande på påstandar som blei lagt fram. Brite sine tilståingar følgjer same mal, og har mykje av dei same ingrediensane i seg, som tilståingane til dei andre som ble dømd. Ingrediensar som også er vanlege i tilsvarande tilståingar elles i Noreg. Det er her eit poeng at dei som blei skulda for trolldom, sjølv om dei måtte vite at dei ikkje kunne ha gjort det dei blei skulda for, også var overbevist om sjølv eksistensen av djevlepakt og trolldom. Førestillingane, biletgjort gjennom kyrkja si frammaning av vonde krefter, var høgst levande. Når presset blei stort nok, psykisk som fysisk, var det lett å svare bekref-tande på eksisterande førestillingar i samfunnet.

### Kvifor 1600-talet?

Intensiteten i trolldomsprosessane følgjer same utviklingskurver som folketal og kriminalitet. Frå inngangen til 1500-talet til midten av 1600-talet vaks folketalet fort i Noreg. Rundt år



1600 var det rundt 350 000 menneske som budde i Noreg, ved midten av hundreåret var talet kome opp i knapt 450 000. I tilsvarande periode blei det avsagt om lag 4000 dødsdommar. Eit ekstremt høgt tal, som betyr at over 60 personar blei dømde til døden kvart år. 90 % av desse gjaldt andre tilhøve enn trolldom. Fram mot 1700-talet blei kriminaliteten redusert. Trolldomsprosessane følgde same mønster.

Folkeauken førte til større konkurranse om gardsbruk og dyrka mark, med prisauke og fleire personar utan eigedom og levebrød som resultat. Folk flytta frå bygda til byane og tettstadar. Byane blei større, men dei fleste av som budde der var fattige arbeidarar som budde trøgt og ureinsleg. Kampen for tilværet hardna til, og dei sosiale problema kom ut av kontroll. Resultatet gav seg sjølv, ei forråing av samfunnet, aukande kriminalitet og brutalitet. Skuldingane om brotsverk kunne henge laust om sambygdingar og andre opplevde ting som ein ikkje kunne forklare, folk som døydde av sjukdommar, naturkreftenes herjingar med folk og fe, og skip som gjekk ned. Personar som stod på sida av samfunnet, fattige, sjuke, einslege, tiggjarar, var utsett. I ei tid med levande oppfatningar av mørkekraftene kunne vegen til å bli skulda for å kaste ulukker, sjukdom og trolldom på folk, bli kort. Ofte var det heller ikkje vanskeleg å skaffe vitneprov frå andre på at det hadde oppstått diskusjon, kranling og forbanningar. Forbanningar som blei sett i forhold ulukkene som hadde råka. I og med at det ofte var i situasjonar som var kvinnedominert, som stell av sjuke personar, å skaffe mat, for dei fattigaste gjennom tigging, var det ofte kvinner som blei tiltalt for trolldom. For ofte er det i dei kvardagslege situasjonane konfliktar oppstår. I neste omgang kunne det gje opphavet til mistankar om å stå i samband med større og mørkare krefter.

Kyrkja si sosiale rolle er eit poeng her. Før reformasjonen hadde den katolske kyrkja tatt seg av fattige og folk som ikkje greidde seg sjølv på hospital og klostervesen. Etter reformasjonen forsvann desse tilboda, noko som ytterlegare vanskeleg-

gjorde situasjonen for dei svakaste i samfunnet. Det var i lokalsamfunn med mykje fattigdom og sosiale vanskelege forhold at mange av trolldomsprosessane fekk sitt opphav. Brite Veiteberg må ha høyrte til lengst nede på den sosiale rangstigen. Ifølgje amtsrekneskapen hadde ho ingen eigendelar, og det var styresmaktene som måtte koste fengselsopphald og skarprettar. Trua på trolldom har eksistert til alle tider, men det var med dei sosiale tilstramingane og hardare kamp for tilværet på 1500- og 1600-talet at denne trua førte til oppblomstring av trolldomssaker.

### Demonologi

Eit brutalisert samfunn, vanskelege sosiale forhold med mykje voldsutøving og veksande kriminalitet er viktige forklaringsfaktorar for auken i trolldomsskuldingar. Men som eit overbygg over dette stod kyrkja si lære om demonologi. Demonologi er enkelt forklart lære om djevelen sitt virke på jorda, og var ei lære som blei utvikla på 1300-talet av den katolske kyrkja. Etter reformasjonen blei desse tankeretningane adoptert av protestantismen. Frå slutten av 1400-talet blei det trykt opp framstillingar om djevellæra, og i 1486 kom Maleus Maleficarum, meir kjent som Heksehammaren, ut. Heksehammaren var ei handbok i å forfølgje trollfolk, og gav detaljerte råd om korleis ein på eit elles enkelt grunnlag kunne arrestere mistenkte personar og tvinge av dei tilståingar om trolldom og djevelpakt. Ifølgje Heksehammaren inngjekk trollfolk frivillig pakt med djevelen, og hadde seksuell omgang med han. Trollfolka var djevelen sitt reiskap, og kunne utøve trolldom berre ved hjelp av han. Trollfolka kunne reise gjennom lufta, skape seg om til ulike skapnadar, og dei drog på sabbat. Demonologien blei ei offisiell doktrine som var tufta på bibelens ord om å ta livet av trollfolk. Martin Luther sjølv meinte at den mosaiske rett måtte vere eit mønster for lovgjeving, og slutta heilhjarta opp om bruk av tortur i avsløring av trollfolk.

I Noreg er det først frå slutten av 1500-talet vi finn eksempel på demonologiske oppfatningar hjå det nye lutherske presteskapat. Dei nye pres-

tane var ofte danske menn som var godt rotfest i den protestantiske lære, og dermed også i den demonologiske ideologi. Det norske presteskapat stod på den ortodokse protestantismens og demonologiens grunnsetningar til lenge etter at heksebåla var sløkt, og forkynte den demonologiske lære gjennom fleire generasjonar. Slik opplysing om korleis kontakt mellom djevel og menneske kunne oppstå, forsterka sjølv sagt også folketrua si frykt for personar med spesielle evner. Tilståingane frå offera for avhøyr, press og tortur, med sine forteljingar om hekseabbatar og djevelpakt, auka sjølv sagt også lokalsamfunna si frykt for mørkekraftene.


### Einsretting

Reformasjonen i 1536 var ikkje berre eit religiøst skifte. Den betydde også ein omstrukturering av maktforholda i samfunnet. Kyrkja, som tidlegare var ein betydeleg maktfaktor i det dansk-norske riksrådet, blei lagt under kongeleg kontroll. I løpet av 1500-talet kom det i Noreg, til liks med resten av Europa, til eit aukande press for å disiplinere og sentralisere makta. All verdsleg og kyrkjeleg makt blei i prinsippet lagt til kongen. I eit slik klima får naturleg nok alternative tankeretningar dårlegare vilkår. Religiøse avvik blei ikkje tolt. Både katolikkar, jesuittar og folk med avvikande religiøse tankeretningar blei forfølgde, til liks med fritenkjarar og anna tvilsamt grums. Spesielt gjekk dette utover samane, med deira "uforståelege" naturreligion. I eit slikt klima blei også den folkelege kultur og religiøsitet, der magi og fleire hundre år gamle ritar og folkeleg tankegods, mistrudd. Det blei mindre å gå på for avvikande livshaldningar. Slik bidrog også frykta for trolldomsskuldingar til at folk innordna seg under staten og den sentraliserte kongemakta.

### Rettsystem

Fram til 1500-talet var det lagtinget, leia av lagmannen, ein kongeleg utnemnt embetsdommar, som var førsteinstans i straffesaker. Det var lagmannen si oppgåve å kome fram til dommen. Lagretten bestod også av lagrettemenn, i dei fleste tilfelle dei





Første sida av dei lange rettsreferata i saka mot dei som vart skulda for trolldom og ha delteke i det omtala heksestemnet på Vora i Breim.  
(Orig. og foto, Riksarkivet.)

best stilte bønder og borgarar. Etter reformasjonen blei sakene som tidlegare blei dømt av den katolske kyrkja, overtatt av det verdslege rettsapparatet. Frå slutten av 1500-talet bidrog også folkeauken til at saksmengda blei for stor til at lagmennene greidde å følgje dei opp. Som løysing på problemet blei lagrette-mennene frå 1590 pålagt å dømme i alle saker på bygdinga. Dermed var det bygdinga som blei førsteinstans

i alle rettstvistar, inklusive straffesaker. Bytinga fekk same ordning frå 1607. Det kom med andre ord til ein omfattande desentralisering av den norske rettsadministrasjonen. Lagmannen på lagtinget var embetsmann med rettsleg erfaring og utdanning. Bygde- og bytinga, som no blei førsteinstans, var derimot prega av uuddanna personar og inkompetanse i rettslege spørsmål. Det siste blei søkt avhjelpt av tilsetting av ein sorenskrivar, som skulle bidra til å gje bygdinga tilstrekkeleg juridisk bistand. Men domsmynde fekk ikkje den svorne skrivaren, sorenskrivaren, før ved midten av 1600-talet, og det var først ved innføringa av einveldet i 1660 at sorenskrivarane blei tilsette som embetsdommarar. Sorenskrivarane, til liks med dei nye

lutheranske prestane, var ofte danskar med erfaring frå dansk og tysk regelverk. I byrjinga var mange av dei dårleg skulerte.

### Forsvar og instansblanding

I utgangspunktet kunne ein tiltalt i ei straffesak forsvare seg med tylvtereid. Det betyr at tiltalte saman med elleve andre medsverjarar nekta for skuldingane som blei lagt fram, men i trolldomssakene fekk dette lite betydning. Vidare kunne ein òg legge fram gode referansar om eigen person som svekka påstandane. I sin håplause situasjon hadde nok ikkje Brite nokon som talte hennar sak. Her var det ikkje snakk om forsvarar eller andre instansar som kunne gå inn å bremse ein eskalerande prosess. Om det skulle vere personar med ei anna oppfatning enn tiltalemakta og hopen, var det nærast umogeleg å gå til forsvar for ei påstått trolldom utan å risikere å hamne i klisteret sjølv. Det var først mot slutten av 1600-talet, då frykta for trollfolk tok til å minke, at ein ser at gode referansar hyppigare blei brukt. I straffesaker var det først ved byrjinga av 1700-talet at profesjonelle forsvararar gav tiltalte juridisk tyngde i saksframstillingane.

Systemet med instansblanding er eit poeng her. I trolldomsprosessane var det å anke dommen inn for ein høgare rettsinstans ein av ytst få måtar for domfelte å forsvare seg på. Instansblanding betyr at lagmannen, altså ein høgare rettsinstans, gav skriftlege vurderingar, eller reiste til bygdinget for å vere til stades når dommen falt. Det var like vanleg at bygdinget avsa dom etter rådføring med lagmann som at trolldomssakene blei avslutta på lagtinget. Praksisen fekk stor betydning utover på 1600-talet, og det kan argumenterast for at sorenskrivarane her såg det som eit vel så stort poeng at dommen ikkje blei anka til ein høgare instans, som i seg sjølv å hente inn eit godt råd. Slik blei ordninga ein garanti mot at dommane til bygde- og byting blei brakt inn for høgare domstolar. Lagmennene på si side sparte seg sjølv for lange domsprosesser, og ikkje minst for juridisk ansvar for dommen. Konsekvensen blei





at det nødvendigvis ikkje gav noko meining i å anke dommen. Praksisen betydde difor at rettsvernet for den tiltalte blei vesentleg svekt. Det var først fram mot 1700-talet at lagmannsrådføringane opphørte, noko som auka rettstryggleiken for menneske som blei skulda og tiltalt for trolldom.

I Brite si sak blei sakspapira sendt til lagmann Hans Hanssen i Bergen for uttale. Lagmannen fann at Brite sjølv måtte komme til Bergen for nærare forklaring i saka, der ho, i Bergen Rådstove, og i nærver av lagmann, borgarmeister og byråd, nok ein gong gjentok si historie. Tilbake igjen i Sunnfjord gjentok det same seg, der sokneprest Otte Jonassen saman med fut og andre skulle formane og eksaminere til sannferdig vedkjenning. I påhør av fleire "godtfolk" blei ho formana om at ho ikkje skulle lyge om nokon som skulle ha vore på fjellet. Nok ein gong svara ho ja på spørsmål om kor vidt ho stod ved tidlegare forklaringar. Og nok ein gong påkalla ho Jesus Kristus lekam og blod på at det var sant, det ho fortalte, og at ho ville gå i døden på det ho har sagt. Ho måtte også stadfeste at det ikkje var andre som hadde gjeve ho namna på dei som ho meinte var på heksesabbaten.

Kan vi lese av ein tvil her? Blei omfanget likevel for drygt? Over tjuе personar, dei fleste frå same bygd, som

skal ha inngått djvelpakt? Vi må tru at tvil til omfanget av hennar forklaringar er ein medverkande årsak til at det ikkje blei gjort vidare ettersøking av dei andre som ho angav. Men i så fall var dette ein tvil som ikkje kom Brite til gode.

Brite, og andre i hennar fortvilte situasjon, blei altså overletne til ein ofte inkompetent lågare domstol med mynde til å gje dødsdom. I tillegg gjorde ordninga med instansblanding det meiningslaust å anke dommen til ein høgare rettsinstans. I praksis var Brite rettslaus og fråteken alle moglegheiter til å kunne forsvare seg sjølv.

### Konfrontasjon

Under avhøyra blei Brite brakt til Gloppen for å vere "til munds med" Ragnhild, før ho blei brent. Andlet til andlet med Brite stadfesta Ragnhild at ho hadde utlagt Brite, og at ho ikkje gjekk bort frå sine ord. Tiltalen og konfrontasjonen med Ragnhild må ha vore eit stort sjokk for Brite, og ho nekta sjølv sagt høglydt på skuldingane. "Om eg har vore på Vora, då veit eg ikkje korleis eg kom opp", forsvarte ho seg med. Deretter greidde ho ikkje å snakke, og fekk ifølgje rettsreferata ei kraftig ristling og skjelving over seg. Som om nokon, eller noko, hadde tatt plass under kleda hennar, og tok kontroll over bevegel-sane hennar.

Brite visste nok kva veg det bar om

*Ifølgje folketrua var fjelltoppar tilhaldsstad for demonar. Fjellet Vora, mellom Byrkjelo og Myklebustdalen, var ein kjent stad for heksesabbatar. Andre kjende samlingsplassar for slike treff var Hornelen, Fløyen, Lyderhorn, Horngjelen og Dovrefjell. Fotografi P. Eide.*

ho ikkje greidde å fri seg for skuldingane, og ho nekta først for å ha hatt omgang eller venskap med Ragnhild. Men rettsdokumenta påpeikar at dette må vere feil, i og med at Brite tente 2 1/2 år på Kobberstad, nabogarden til Myklebust, der Ragnhild budde. På spørsmål om kvifor ho trudde at Ragnhild ville trekkje Brite meir inn i saka når dei ikkje hadde omgang med kvarandre, meinte Brite at Ragnhild kunne vere sint på ho for noko tobakk ho hadde fått av henne, og hadde lova noko ull tilbake. Rettsreferata lar oss ikkje få vite meir om dette. Men historia til andre dømde trollfolk viser at det ofte kunne vere småkranglar som låg til grunn for uvenskap som i neste omgang kunne førte til skuldingar om trolldom.

Under turen til Gloppen blei også Brite fortalt at Ragnhild hadde sagt at der var fleire enn ho på fjellet som kom frå Jølster. Men det var for skynt, så ho kjende dei ikkje att. –



Brite kjenner dei betre, påstod ho. – Fanden ta henne! svarte Brite, – ho kjende dei like så vel som eg.

På eit seinare tidspunkt var det Brite sjølv som blei konfrontert med personar som ho hadde sett under sabbaten, Anne og Gjertrud Askvoll. – Har du lagt slikt eit snakk på meg, at eg skulla ha vore på fjellet med deg og andre? spurte Anne. Brite stod på sitt. Ho kunne sverje ved Kristi lekam og blod på at det var sant som ho sa: Anne hadde vore på fjellet. Anne nekta høglydt, og sa at Brite hadde loge skammeleg om henne. Deretter blei Gjertrud kalla inn. – Er det du som har utlagt meg? Nok ein gong svarte Brite ja, ho hadde sett Gjertrud på fjellet. Høgrøysta nekting frå Gjertrud. Men Brite var sikker, også Gjertrud hadde ho sett på fjellet. – Måtte Gud straffe henne for hennar løgner og lause munn! ropte Gjertrud.

### **Korleis bevise trolldom?**

Påstandar om trolldom avlagt under eid blei til vanleg vurdert som fullgodt bevis. Dei vanlegaste vitneprova bestod av utsegner som mistenkeleggjorde den påklaga. Det var altså ikkje snakk om påstandar under eid på at den tiltalte hadde gjort seg skuldig i lovbrotet, men mistenkjeleggjeringar av vitneutsegner av høgst varierende innhald. Særleg sterkt var vitneprovet når det bestod av to eller fleire skuldingar, og det i tillegg låg føre nok mistenkjelege skildringar om åtfærda til den tiltalte. I ei tid med høg kriminalitet, høgt konfliktnivå og store sosiale problem, var det mange som kunne sjå seg tent med å vitne om mistenkjelege situasjonar og oppførsel. I utgangspunktet blei det stilt krav til at vitna skulle vere frie, myndige og uberykta menn. Men, i og med at trolldomssaker av naturlege årsaker vanskeleg let seg bevise, såg futane ofte gjennom fingrane med habilitetskrava til vitna. Til vanleg var det ikkje forbrytarar blant klagarane. Men, som vi har sett, blei det gjort unatak for trolldomssaker, der dømde trollfolk sjølv angav anna trollfolk dei hadde møtt under heksesabbatane.

Ein kjenner til at vassprøva blei brukt i 23 trolldomsprosessar i Noreg, men vi høyrer ikkje om den i Nordfjord. Testen gjekk ut på å binde den

tiltalte på hender og føter, for deretter å kaste vedkomande på vatnet. Vatnet var den heilage dåps reine element, og flaut den tiltalte, blei det sett på som eit teikn frå Gud om at stakkaren var skuldig ved at vatnet støyte han frå seg. Supplert med rykte og skulsmål, blei vassprøva eit viktig indisium for domfelling. I Noreg var det først etter 1660 at fagdommarar og lagmenn nekta å bruke vassprøva i trolldomssaker.

Rettsaka mot Brite var tufta på hennar eigne tilståingar som ho kom med etter å ha blitt utlagt av ei anna dødsdømd trollkvinne. Som vi har sett, blei vitnemålet styrka gjennom at utleggar, andlet til andlet med den utlagde, stadfesta identiteten til vedkomande som blei observert på heksesabbaten.

### **Religiøsitet og tortur**

Var redsla for det som følgde etter livet større enn frykta for sjølv straffa? Når Brite gråtande takka sine domsmenn for at ho no kunne gjere opp for sine misgjerningar, så seier det noko om ein øydelagt person som hadde vore igjennom eit umenneskeleg press, aleine mot tiltalemakta, og som heile tida visste kva utfallet ville bli om ho blei dømt. I møte med øvrigheita, og vaktaren av god bibelsk moral, kunnskap og frelse, blei ei fattig tenestejente lita. Truleg var ho ikkje lese- og skrivekunnig, og hadde ikkje føresetnadar for anna enn å akseptere prestens kunnskap. For ho var trua på evig frelse eller evig undergang for hennar skrале sjel, rotfest. Frykta for det som måtte komme etter døden var stor for 1600-talsmennesket, fattig som rik. Prestane som var med under avhøyra såg som si hovudoppgåve å redde sjeler frå evig fortaping. Men skulle det vere håp om sjeleberging, måtte det først ligge føre ei tilståing. Psykisk press, eller tortur, som var retta mot hennar religiøse overbevisingar og livsoppfatning, kan slik kanskje vere med å forklare hennar absurde tilståingar.

### **Dom**

Vi er tilbake på Sandnes i Jølster, og datoen er 3. februar 1664. Endeleg dom mot Brite Mårsdotter Veiteberg skal avseiast. Retten blir leia av futen Christian Bertelsen.

Brite visste kva som venta, ho var komen til sin skjebnetime. Dommen mot dei andre "henbrendte trolldolch udi Nordfjord" blei lesen opp frå tingboka. Ei heksebreining var eit offentleg skode. Andre som måtte bli freista til å inngå djevelpakt skulle vite kva dei gav seg ut på om dei blei avslørt. Dessutan kunne forbanninga berre opphevast om trollfolket blei breint. Vondskapen sat i kroppen. Skulle djevleskapen fjernast og sjelene bergast, måtte difor kroppen brennast til oske. Trollfolk blei brende levande. Andre som blei dømde til døden ved breining, kunne bli halshogde først.

Gjennom rettsreferata får vi eit glimt av eit siste panikkarta forsøk på å redde seg sjølv. Etter gjentekne gongar å ha stadfesta si eiga historie, svore ved Gud og sagt at ho ville gå i døden på alt ho hadde sagt, trekte Brite denne dagen alle sine tilståingar. No svor og forbanna ho all løgn som blei lagt fram. Men ifølgje rettsreferata var ho no "under djevlelens fot". Ho var tiltalt for trolldom, og når ho no nekta for påstandane som blei lagt fram, var ho under djevlepåverknad.

For hadde ikkje ho, under påhøyr av fleire gode og sannferdige menn, gjentekne gonger tilstått? Om ho ikkje hadde blitt formana om å fortelje det som var sant, og ikkje fortelje usant om andre? Kunne ho no nekte for dei ord, spørsmål og svar som so-renskivar og ho, i mange godfolks påhøyr, hadde utveksla? Ja, Brite nekta for alt som er blitt sagt. Like forherda, står det å lese i rettsdokumenta. Når vi les om tilståingane som ho kom med, om gråteanfoll og panikkarta nekting i retten, forstår vi at det handlar om eit menneske som er brote ned gjennom isolasjon, harde avhøyr og eit umenneskeleg press. Men for hennar domsmenn var dei høgst menneskelege utbrot og reaksjonar eit bevis på at det var ei trollkvinne under påverknad av Satan som stod fram føre dei.

Futen kravde dom over Brite og slo fast at ho hadde hatt samkvem med djevelen, gjeve seg hen til og følgd Satan og vore delaktig med det vonde. Dette var imot Guds og menneskets lover. Slike vonde menneske





*Heksemonumentet som er reist på Anda i Gloppen. Verket er laga av kunstnaren Stig Eikaas. Dei sju personane som blei brende i kjedeprosessane i 1663-1664 er symbolisert med sju flammor rundt ei høgrest hekse. Fotograf Helge Lyslo.*

bør øydeleggast og utryddast frå kristne menneske og guds barn – inkje mindre. Til slutt blir sjølve dommen avsagt. Futen fekk sitt ønskje oppfylt. Brite Mårsdotter Veiteberg blei dømt til å lide "paa liffuet till boell och brand".

### **Synsvedkjening og død**

Same dag som dommen var kunn-gjort gjekk Brite tilbake til si tidlegare tilståing. No kom ho også med nye namn på personar som skal ha vore med henne på heksestemnet på Vora. Til slutt sa ho seg glad for at ho hadde fått vedkjent seg sine synder. Gråtande takka ho prest, saksøklar og domsmenn for at ho no kunne få lide for sine misgjerningar.

Når det utover på 1500-talet blei påvist at bruk av tortur førte med seg at uskuldige menneske blei avretta, blei det vedteke at tortur ikkje skulle brukast mot tiltalte under sjølve prosessen, men berre etter at det var avsagt dødsdom. Dette blei også teke med i Norske Lov av 1687. Likevel blei det utøvt tortur både før og etter avseiing av dødsdom i mange av trolldomssakene. Det må

kunne spørjast om det var frykt for meir mishandling som gjorde at Brite bladde opp fleire namn på hekser.

Ein rettsprosess kostar. Utgiftene til å gjennomføre dommen skulle tydelegvis hentast frå buet til den dømde sjølv. Men som vi har sett av Brite si tragiske historie, så hadde ho ikkje noko i sitt eige. Difor var det heller ikkje anna råd for styresmaktene enn at dei sjølv måtte ta seg av kostnadane, som kom på 16 riksdalar for kost og losji på Fure i åtte månadar. Mestermannen, bøddelen, Jacob Scharprichter, skulle på si side ha 6 riksdalar for den praktiske gjennomføringa av dommen.

Til liks med alle andre trolldomsaker er det i Brite si sak ikkje nemnt kvar avrettinga gjekk føre seg. Det er difor berre gjennom segner ein kjenner til stader der trollfolk skal ha blitt brende. For Nordfjord sin del er det Andatangen, der ferjekaia ligg i dag, som er kjend for å ha vore avrettingsplass for hekser. I 2002 blei Noregs første heksemonument avduka på Anda, laga av Stig Eikaas. Vi veit heller ikkje korleis sjølve avrettinga føregjekk. Men ved brenning var det den såkalla stigemetoden som blei mest brukt. Den dømde blei festa til ein stigeliknande gjenstand, og vipa over i flammehavet når flammene var tende opp. Kanskje var dette ein kjappare og likare måte å døy på enn alternativet, at stakkaren blei festa til ein påle og bålet påtent rundt om. Det var heller ikkje uvanleg at offeret fekk tulle i seg store mengder alkohol før meistermannen gjorde si plikt.

### **Slutten på trolldomsprosessane**

I Noreg opphøyrt trolldomsprosessane i byrjinga av 1700-talet. Frå midten av 1600-talet spreidde det seg ein skepsis i dei høgare rettsinstansar mot praksisen i bygde- og byrettane, og rettsprosessane som blei gjennomført av fut og den lokale øvrigheit. Nesten alle dødsdommane som blei anka frå ein lægre til ein høgare rettsinstans, blei frå 1650 omgjort. Denne praksisen spreidde seg etter kvart også til underrettane, og etter 1680 blei nær alle tiltalte frifunne også der.

Etter 1670 risikerte medlemmer av rettsapparatet å bli dømde om dei framleis tok i bruk tvang og ulovlege indisium. Men ein kan merkje seg at det i første omgang var sjølve bevisførselen som blei kritisert. Det var først utover på 1700-talet at dommarar også begynte å stille spørsmål ved sjølve eksistensen av trolldom.

Samstundes, frå slutten av 1600 talet begynte også sorenskrivar-embetet å utvikle seg mot ein sjølvstendig og meir kompetent dommarstand, som lettare greidde å følgje opp retningslinjer som blei trekt opp av høgare rettsinstansar. På denne tida stagnerte folkeauken, og med etablering av eit fattigvesen kom det også til betring i den sosiale stoda. Valdsutøvinga i samfunnet blei også redusert. Det kom altså til ei betring i forhold som bidrog til å blåse opp talet på trolldomssaker, samstundes med at heksebåla slokna. Men det høyrer med til historia at prestane si tru på den demonologiske lære likevel heldt seg til ut på 1800-talet. Det var først i 1842 at trolldomslovene i Noreg blei oppheva.

#### **Litteratur/kjelder:**

- Universitetet i Oslo – Det humanistiske fakultet – Norsk folkeminnesamling – Det digitale trolldoms-arkivet. Dette er ein database over alle kjente trolldomssaker. Arkivet inneheld faksimiler av kjeldematerialet til dei fleste hekseprosessane, henta frå tingbøker, lensrekneskap og fute- og stiftamtsrekneskap. Nettadresse er: <http://www.hf.uio.no/kos/tjenester/samlinger/norsk-folkeminnesamling/norske-trolldomsprosesser/>
- Botheim, Ragnhild Trolldomsprosessane i Bergenhus len 1566 – 1700. Hovedoppgåve, Universitetet i Bergen. Oppgåva er tilgjengeleg på nettadr. <http://www.ub.uib.no/elpub/1999/h/506005/Hovedoppgave.pdf>
- Sandal, Per: Soga om Gloppen og Breim, 1978
- Hagen, Rune: Store norske leksikon – Britte Veiteberg – utdypning (NBL-artikkel)
- Hagen, Rune: Hekser, frå forfølgelse til fortryllelse, 2003
- Molvik, Harald: Tru og trolldom på Vestlandet, 1992
- Næss, Hans Eivind: Med bål og brann – trolldomsprosessene i Norge, 1984
- Gundersen, Olaf Sigurd: Jul i Nordfjord 2003, Den store hekseprosessene i Nordfjord



# Målegruppa Jølst

Tekst og foto: Hallstein Dvergsdal



I omlag to år har ei gruppe damer jamleg vore samla på Vassenden for å lære akvarellmåling. Instruktør og mentor for gruppa har vore Elsa Eikaas, og opplegget er i samarbeid med frivillighetssentralen i Jølster.

I haust- og vintersesongen har målegruppa samling stort sett ein gong for veka på omsorgssenteret på Vassenden. Elsa Eikaas fortel at det

er ein gjeng interesserte og flinke damer ho har hatt med å gjere, og framgangen er stor. Ho ser føre seg at dei no er klare for eit steg vidare, og då med oljemåling på timeplanen. Målegruppa har to gonger stilt ut arbeid på Jølstringen Kafé på Jølstraholmen. Eit utval bilete frå den siste utstillinga no i sommar blir synte på midtsidene her i bladet.


*Deler av Målegruppa Jølst samla til utstillingsopning på Jølstringen kafé ved juletider i fjor.*

*Foto: Hallstein Dvergsdal*



*Vestlandsvær av Jorhild Rochleng*





Saltsjøen 1 av Sabine Tetenborg



Liten og stor av Sølvi Gjesdal Aasen






Langt nord av Berit Eikås Huseklepp



Fransk hage av Sissel Hatløy



Blikr av Anne Helene Eide



Oppstode av Gro Eli Dale



# Selskapet som førde vitskapen og nynorsken til Noreg, og mannen med minnepinnen

Av Hallstein Dvergsdal

*Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, heretter kalla DKNVS, feira sist vinter sitt 250-årsjubileum. Jubileet har prega institusjonen sin heimby, Trondheim, store deler av året, men toppa seg i mars.*

Selskapet vart stifta i 1760 av dåverande biskop i Nidaros, Johan Ernst Gunnerus, etatsråd Peter Friedrich Suhm og historikar og rektor Gerhard Schøning. Biskop Gunnerus var ein embetsmann med stor interesse for og kunnskap om naturvitskap. Han var fødd og oppvaksen i Christiania og var professor i teologi i København før han vart utnemnd til biskop i Trondheim stift med ansvar for heile

det nordafjelske. Gunnerus-biblioteket ved universitetet i Trondheim er i dag Nordens største, med litteratur frå tida rundt skipinga av Selskapet. DKNVS var, i fylgje jubileumsprogrammet, "selskapet som førte vitenskapen til Norge", ikkje noko mindre, og var den første vitskapelege og akademiske institusjonen i Noreg. Såleis var det naturleg at selskapet, heilt frå starten, arbeidde med å få etablert eit universitet i Noreg. Norske studentar måtte på den tida til Danmark for å få høgare utdanning, noko DKNVS sjølvsagt såg på som uheldig og ein bremsekloss for utvikling av landet. Det Kongelige Frederiks Universitet i Christiania, vart så etterkvart stifta i 1811 og opna i 1813, og hadde dette namnet fram til 1939. DKNVS har heile tida vore privat finansiert, men med ein del offentlege tilskot i nyare tid. Selskapet har også hatt kongeleg protektorat sidan 1767,

og det var såleis både riktig og naturleg at H.M. Kongen var tilstades under jubileet, m.a. for å avduke det spektakulære monumentet Reflexions som vart reist i Museumsparken til minne om grunnleggjarane av DKNVS.

## Visepreses og leiar

No lurar sikkert du som lesar på kva dette har med Jølster Mållag og Jølst å gjere, og kanskje med rette. Men saka er den, at denne gamle og stolte institusjonen blir leia av to nynorskbrukande professorar frå vårt distrikt. Preses for selskapet er Steinar Supphellen med røter frå Fjærland, medan visepreses og leiar for jubileumskomiteen er pensjonert fysikkprofessor Kristian Fossheim frå Jølster. Denne artikkelen vil såleis handle både om selskapet og om Fossheim si rolle der, og om samanhengen mellom selskapet og ny-

*Kongen avdukar monumentet Reflexions. Til venstre står leiar i jubileumskomiteen, Kristian Fossheim.*  
Foto: Lars Erik Skjærseth/INRK





norsken, ein samanheng som kanskje er større og viktigare enn mange er klår over.

Kristian Fossheim var altså leiar for jubileumskomiteen, og hadde såleis ei svært sentral rolle under avviklinga av 250-årsfeiringa, ei feiring som omfatta konsertar, kunstutstillingar, føredrag, konferansar og kongebesøk. Grunna sjukdomsforfall frå preses Supphellen, hadde Fossheim også rolla som preses under hovudfeiringa i mars. Rolla førde m.a. med seg vertskapsfunksjon i høve til alle gjestene, inkl. Kongen, og framføring av ikkje mindre enn 15 taler på ei veke.

Eit slikt program er eigna til å ta pusten og motet frå dei fleste, men ikkje Kristian Fossheim. Han er, i tillegg til å vere ein stor og internasjonalt kapasitet innan naturvitskapeleg forskning, også eit kulturmenneske og organisasjonsmenneske med eit imponerende nettverk nasjonalt og internasjonalt. Han er også eit engasjert samfunnsmenneske med tankar og meiningar om det meste, og ein humanist og internasjonalist både i sinn og skinn.

Slik sett er fysikaren like oppteken av musikk, biletkunst og litteratur, som han er av superleiarar som transportør av elektrisitet, for å nemne noko. Han er også like mykje oppteken av norsk bygdeutvikling og framtida til nynorsken og bygdekulturen, som han er av globale miljøspørsmål, fattigdomsproblematikk og fredsspørsmål.

Det var på denne bakgrunnen eg sist sommar hadde mange, lange og interessante samtaler med Kristian Fossheim på hytta i Lomshøjen på Fossheim. Hytta blir flittig besøkt, og betyr mykje for Kristian og kona Elsa. Det er ein stad der dei samlar familie og vener i feriane og som er utgangspunkt for turar høgt og lågt, spesielt om sommaren.

### Målmannen

Trass i at han har vore vekke sidan han gjekk ut av gymnaset på Sandane i 50-åra, snakkar og skriv han framleis jølstramål og nynorsk. Han brukar konsekvent nynorsk i taler på norsk, og skriv også, så sant det er mogeleg, rapportar og norskspråklege fagartiklar på nynorsk. Berre der-

som det skal skrivast ting i lag med andre, og dersom fleirtalet av kollegiet er bokmålsbrukarar, blir det nytta bokmål. Men på spørsmål om kva han trur om framtida til nynorsken, blir han litt usikker og nølande. – Det er vanskeleg å seie, nynorsken er under hardt press frå mange kantar, barrierar er vekke, men vi som nynorskbrukarar kan i alle fall ikkje gje opp. Når det gjeld nynorskbruken på NTNU, der han har vore mykje av sitt yrkesaktive liv, er han meir uroa. Han ser at det er lite att av nynorskbruk i det naturvitskapelege miljøet på denne lærestaden, noko han tykkjer er synd.

Fossheim meiner bestemt at mange nynorskbrukarar går over til bokmål grunna karrierejag og fordi dei trur det er det "smartaste". – Som nynorskbrukarar er vi ein minoritet, og det er ikkje enkelt, seier han med ei alvorleg mine. Men så minner han om at alt kunne ha vore så mykje verre, hadde det ikkje vore for Selskabet som han leier. Denne institusjonen "sponsa" i si tid Ivar Aasen i hans arbeid med å samle tilfang til ordbøkene sine, eit arbeid som la grunnen for det nynorske skriftspråket, og som i fylgje Kristian ikkje hadde vore mogeleg utan denne støtta. Ivar Aasen fekk støtta etter å ha synt prøver av arbeidet sitt til biskop Neumann i Bergen, medlem av Selskabet. Det er såleis eit litt artig poeng dette, at DKNVS i jubileumsåret har ein jølstring og ihuga nynorskbrukar som visepresident, ein visepresident som i si tid var den første mottakaren av Sogn og Fjordane Mållag sin målpris.

### Jølstring og kosmopolitt

Ja, det er det han likar å kalle seg, Kristian Fossheim. Ein mann som føler seg like godt heime i lag med jølstringar han møter på butikken, som han gjer i møte med internasjonalt forskingselite under nobelprisutdeling i regi av Svenska Akademien i Stockholm. At han har fått i oppdrag av eit stort tysk forlag å skrive ei bok basert på samtaler med ti nobelprisvinnarar i fysikk, er neppe tilfeldig. Han har, som sagt, eit stort internasjonalt nettverk både gjennom sitt yrkesliv og arbeid ved universitet og forskingsmiljø over heile verda, men



Kristian Fossheim.

Foto: Hallstein Dvergsdal

også gjennom sitt internasjonale engasjement innan miljø, kultur og utvikling av den fattigaste delen av verda. Og som han seier: – Vi må i større grad vri u-hjelpa over frå økonomisk støtte til kunnskapsbasert støtte. I den samanheng har han lansert idéen gjennom DKNVS om ein norsk, internasjonal Berekraftpris, ein pris som skal gå til forskarar som produserer tankar og idéar som fremjar ei berekraftig utvikling i verda. Prosjektet ligg no til handsaming hos Statsministeren.

Men trass i sitt internasjonale engasjement på mange felt, vil nok Kristian alltid vere jølstring. – Det er min identitet, seier han, og gler seg over at han ser Jølster-namnet bli meir og meir kjent.

### Naturvitskapsmann og kulturmenneske

Kristian Fossheim har brukt sitt yrkesliv på naturvitskapeleg forskning og utdanning av naturvitarar, og han har hatt store deler av verda som tumleplass. Interesse for livet på jorda er på mange måtar ei grunnleggjande drivkraft for Kristian Fossheim. – Livet på jorda, og korleis det vart til, er det verkeleg store miraklet. Etter meir ein veit om prosessane som ligg bak livet, til meir respekt får ein for naturen, seier han med ei viss andakt i stemma. Men Kristian Fossheim veit også korleis fysikken kan



brukast til å øydeleggje livet, noko han fekk sjå på nært hald som gjesteførelisar på universitetet i Hiroshima. Ei spesiell oppleving var det å sjå museet og minnesmerka til minne om den første atombomba, eit ufatteleg sterkt vitneprov om kva krefter som kan utløysast dersom naturvitenskapen blir brukt på feil måte.

Men Kristian er i alle fall glad i å ferdist i naturen, enten det er i Jølster eller andre stader. Fjellet Nyken opp for Fossheim reknar han som sitt fjell, eit fjell der born og barneborn i tur og orden har blitt tekne med opp, og på den måten har fått sitt første møte med Jølster-naturen. Fjellturar eller ein tur rundt Jølstravatnet er også faste øvingar for hyttegjester som måtte dukke opp gjennom sommaren.

Kristian er ein aktiv samfunnsdebattant og har vore ein flittig kronikør, kåsør og føredragshaldar, m.a. i radio. I slike samanhengar er det gjerne kulturspørsmål og utdanningspolitikk som er tema. Han er levande oppteken av klassisk musikk og biletkunst, og har to born som er profesjonelle musikarar, medan den tredje har gått i faren sine fotefar. Når det gjeld utdanningspolitikk, så er han veldig oppteken av at vi må ta vare på talenta våre. – Alle må ha rett og høve til å teste ut grensene sine, meiner han, noko som etter hans meining er for lite til stades i dagens norske skulesystem. Han ser også at matematikkfaget får for lite merksemd, samanlikna med mange andre land. Dette ser han på med stor uro, og seier det slik: – Matematikk er den viktigaste reiskapen vi har for å halde eit moderne samfunn fungerande.

### Berebjelkar for samfunnet

Men denne karen har altså meiningar om det meste, og såleis har det ikkje gått hus forbi, at jordbruket i Jølster har gjennomgått store strukturendingar siste åra. Areal som det før tok fleire veker å slå, blir no feia av på eit døgn eller to. Store, moderne samdriftsfjøsar har grodd opp, men fysikaren ser her store framtidige utfordringar. Han ser sjølvsgagt, som alle andre, at det dyrka arealet i denne kommunen stort sett er langt og relativt smalt; det betyr mykje



transport, som i sin tur kostar både tid og pengar. Dette med stadig færre aktive bønder ser han også som ei farleg utvatning av heile bondekulturen og dermed sjølve grunnsjela i Jølster. Når omgrepet bondekultur er nemnt, så er han raskt over på heile kulturaspektet og framtida til Jølster som kulturkommune, eit spørsmål han er like oppteken av som naturvitenskapen. Og her er budskapet ganske klår; kunnskap pluss kultur er fundamentale berebjelkar i samfunnet. Utan desse på plass, vil ein liten kommune som Jølster vere ute å køyre, noko han for all del håpar ikkje vil skje. Men han lyfter aldri så lite på peikefingeren når han snakkar om verdien av og plikta til å ta vare på historia og kulturarven. Etter hans syn er dette noko av det viktigaste av mange ting som må ligge i botnen for all tenking og planlegging.

Å samtale med Kristian Fossheim er først og fremst interessant, men også vanskeleg. Vanskeleg fordi dette er eit menneske med store kunnskarar om og innsikt i mange saksfelt, samstundes som han utstrålar respekt og autoritet. Men på same tid er han noko av det mest jordnære og joviale ein kan tenkje seg. Han har stor sans for humor, og latteren sit alltid laust. Som då han på tampen av sommaren fortalde om ei intens musejakt som hadde gått føre seg på hytta i sommar, ei jakt som etter kvart avslørte at musa faktisk var smartare enn fysikkprofessoren, noko han sjølvsgagt tykte var fornøyeleg.

At han på tampen av dette året fyller 75 år, ser ikkje ut til å setje grenser korkje for arbeidskapasitet eller

*Kristian Fossheim deler ut DKNVS sin pris til yngre forskarar.*

*Foto: Bruce Sampson/DKNVS*

nye idéar og tankar. Det kongelige Norske Videnskabers Selskab har runda 250 år, og seglar vidare med stø kurs og god bær. NTNU, Norges Teknisk Naturvitenskaplige Universitet i Trondheim, har nett feira 100-årsjubileum, også det ei feiring med Kristian til stades og som medlem i jubileumskomiteen, sjølvsgagt. Vi har garantert ikkje høyrte siste ord frå denne mangslungne karen; han har eit par spenstige kulturprosjekt i tenkjeboksen, så her er det berre å vente og sjå. Arbeidslaus er han i alle fall ikkje, den pensjonerte fysikaren som under ein prat om superleiarar brukt i medisinsk utstyr, humrande avleverte fylgjande: – Hadde folk visst at du ligg inne i ein magnetpole med ein temperatur på minus 269 grader Celsius i ei CT-maskin, hadde dei aldri lagt seg inn i ei slik ei frivillig. Men det er totaaalt ufårleg, la han til.

### Minnepinne

Så til slutt; det norske språket får stadig vekk tilført nye ord. Eitt av dei er minnepinne, denne datalagringsdingsen som "alle" brukar. Opphavsmannen til dette ordet er Kristian Fossheim, og dermed er ringen på mange måtar slutta. Ivar Aasen samla ord til det nynorske skriftspråket, støtta av DKNVS, i dag med ein jølstring som visepresident og leverandør av nye ord til det same språket. Vart du overraska no?



# Julegraut sagt med O

## – ei forteljing frå jula 1953

Av Elsa Norunn Håheim Nydal

Haustkveldane var lange. Eg låg på kjøkgolvet og såg mot taket. Lyset frå parafinlampa laga rare skuggar både i taket og i rommet elles. Eg tykte det var morosamt å sjå på skuggane. Det var også små lydar i rommet. Nokre kom frå vedomnen. Andre lydar kom frå veslebror som berre var to og eit halvt år og som saug på høgre tommelen og tvinna venstre langfingeren i håret sitt. Ein gong sat fingeren fast slik at mamma måtte klippe han laus.

– Ja, du Lillen, du Lillen, hørde eg dei vaksne seie, medan dei lo, – no lyt vi klippe deg snau. Men før det meste prata dei vaksne berre vaksne ord som berre gleid forbi meg og inn i ein lang sssssssss i skuggen i kråa lengst borte. Mamma song ofte, og av og til såg ho med blanke auge på magen sin.

I mange dagar hadde her vore ein mann dei vaksne kalla Årdalsbakkjen. Han arbeidde med leidningar og noko dei kalla kontakt. Anna rart var støpsel og brytaren. At ein mann kunne heite Årdalsbakkjen, tykte eg var merkeleg. Dei bakkane eg visste om heitte Raudsvabakken, Orrehaugsbakken og Røstabakken. Dei var alle bratte og gode til kjelkebruk. Men Årdalsbakkjen var ein mann og difor ubrukeleg til kjelken min. Slik var det.

Dagar og kveldar vart til tid, vart til vinter med snøfall, kuldegradedagar, kakelinner, nye snøfall, og endeleg, ein dag vart ein kvit, blank og rund kuppel skrudd fast midt i kjøkentaket.

– Vi får elektrisk kraft til jul, hørde eg dei vaksne sa.

– Vi skal få straum, la dei til.

Ja, ja, eg kledde på meg heimesydd kjeledress og gjekk ut. Syskjenbarnet mitt kom på besøk. Han køyrde spark som hadde fest ein liten heimelaga snøplog av trefjølør fremst. Han var fem år eldre enn meg, hadde trill-

rundt fjes og dura liksom-lastebildur. Eg òg hadde spark, men laut greie meg utan snøplog. Lastebilduren fekk eg heller ikkje til.

Endeleg kom julaften føremiddag. Ute var det mildt til midtvinters å vere, berre nokre få kuldegrader hadde lagt is over kakelinna i tunet frå dagane føreåt. Himmelen viste lettskya opphaldsvêr med einskilde flekkar av blå himmel som spegla seg i isen på tunet.

“*Eg visste juletreet i bestestova vart pynta kvelden før, men dit var det ulovleg å gå så tidleg på dag.*”

Dei vaksne hadde mykje å gjere medan dei venta på "krafta". Eg var med og såg på at pappa feste fugleneket til veggen over fjøsdøra. Mamma vaska, pynta i romma og laga mat. Eg visste juletreet i bestestova vart pynta kvelden før, men dit var det ulovleg å gå så tidleg på dag. Eg visste og at ein nysydd kjøle av raud fløyel, med puffermar, kvite perleknappar, kvit krage med blondkant og attpåtil vaffelsaum sydd med kvit tråd ved kvar skulder, låg klar på senga i soverommet. Dei nye kleda til Lillen låg der òg, ein mørk blå fløyelsdress med kortbukse med selar, kvit skjorte og ei lita jakke. Mamma hadde brukt mykje tid utover hausten til å sy oss nye bestklede.

"Kvite perleknappar", tenkte eg, og hugsa at fargen og glansen likna sol-

lys gjennom dropar på tunbjørka. "Jul", tenkte eg òg, medan eg kjende ein venteklump vekse i magen. Venteklumpen hadde ein rar farge, tykte eg, likna litt på den gråaktige fargen til såpa som tante Severina koka somme tider. Han hadde same lukta òg, ei blanding av feitt, deig, tåke og med slikt rart prikkeflimmer framfor augo og med same lange sssssss'en som eg hørde frå takkrærne om kveldane.

– Nå æ de' middag. Klokka æ snart tolv. Nå må di kome å få julegraut, hørde eg mamma seie. Mamma var frå Nissedal i Telemark. Der var det jul alltid, trudde eg, medan eg merka meg at ho sa "julegraut". Pappa sa "julegraute", hadde eg høyrte.

Eg var den fyrste som fekk servert risgrynsgraut med sukker, kanel og smørauge denne julaften. Etterpå fekk Lillen og dei andre. Så med eitt lyste det frå den kvite kuppelen i taket. Lyset blanda seg med den gode, varme lukta av nykokt graut og synet av smelta smør. Smelta sukker rann saman med kanel og gav alt ein ny farge. Dei vaksne smilte, smilte og smilte.

– Du å du, slekt eit ljøs so detta va', detta bli noke anja te arbeie unde enn dinja parafinlampa, kveldanje, sa pappa. Eg strauk meg over magen. Han var heilt flat. Den grå venteklumpen min var borte. Eg såg på mamma. Ho var litt rund på magen sin, såg eg med eitt. Vart ikkje venteklumpen hennar borte? Eg spurde ikkje, men åt grauten, skei etter skei.

Resten av denne soga gror inn i det vaksne livet mitt. Ho fortel tydeleg at det som var, er, og framleis varer. Julaften 1953 skein mot ei ny tid for oss som opplevde henne. Alle var glade for nytt og betre lys, samt varme. Julenatta dette året vart det også fødd ein gut inn i skinet frå ei elektrisk lyspære på ein av gardane på Håheim. Dette vart sjølv sagt ei



stor tilleggsglede for grenda. Likevel, eg hugsar at det ikkje lenger var det same som før for meg å liggje på kjøkengolvet og sjå imot taket om vinterkveldane. Dei underlege og levande skuggane var borte. Nett dei hugsar eg at eg sakna. Og så tykte eg taklampa lo av meg i det ho spegla seg i den daglege, blankfeite transkeia.

No tek eg til å bli ei aldrande dame og har i mange år hatt eit nyare og

annleis kjøken enn det kjøkenet eg har fortalt om her. I min familie har vi i alle år ete julegrauten ved tolvtida, julaftan. I tillegg til sukker og kanel, brukar vi også å ha rosiner på grauten, samt mandel og marsipangris, slik skikken er no. Min barndoms djuptallerk finst ikkje meir. Dei tallerkane mine born har fått julegrauten servert i, er grå omlag som venteklumpen. Og like fullt, sjela mi smeltar saman med sukker og smør ved

grautbel kvar einaste julaftan. Alltid når eg har ete opp, tykkjer eg det kjem til syne ei teikning av ei jente i botnen av tallerken. Jenta har sløyfe i lyst hår og raud kjole, slik eg og hadde den jula eg var fire og eit halvt år og vart medviten om så mangt over ein tallerk "julegraute", eller slik mamma sa dette ordet, med o, "julegraut".

Og apropos venteklumpen, eg fekk ei syster i fyrstinga av mai 1954.

## Målrosprisen 2009

Av Steinar Dvergsdal

30

*Jølster Mållag gav Målrosprisen for 2009 til Steinar Dvergsdal. Han var på reise, og kunne difor ikkje sjølv ta imot prisen på Bokdagen i fjor haust. Difor hadde han skrive ei helsing til bokdag-folket, som kona Solrunn las opp, og som Jølst har fått lov til å bruke i bladet.*


### Takk for målros! Det var uventa og inspirerende.

Vi har to skriftspråk. Sidan vi som brukar nynorsk er i mindretal, kviler det ei særskild plikt på oss til å dra språket med oss inn i ulike aktivitetar. Eg er nok vorten litt kjend for å vere sta på at det skal praktiserast litt nynorsk også på nasjonale arenaer, der eg har eit ord med i laget.

Eg prøvar å praktisere jølstramålet, men er ikkje særskilt oppteken av å setje folk fast. Eg forklarar eller byter ut vanskelege ord – ofte kjem ein langt i å bli forstått ved å snakke seint og tydeleg.

Alt eg skriv i alle samanhengar er på nynorsk, også det som andre skriv på vegner av meg. Alt presentasjonsmateriell som eg lagar eller vert laga for meg, er på nynorsk. Oftast vert presentasjonar på bokmål omarbeidde til nynorsk.

Eg har innført at det skal brukast



Steinar Dvergsdal fekk Målrosprisen for 2009. Foto: Solrunn Dvergsdal

noko nynorsk i medlemsbladet Samvirke. Det er viktig, sidan dei har eit opplag på 45 000.

Eg ber om å bli intervjuet i pressa og medlemsblad på nynorsk, og har i stor grad fått gjennomslag, men ikkje alltid. Eg tilbyr meg å sjå over nynorsken for journalisten. Mange har skreive sine første artiklar/intervju på nynorsk i ein slik setting. Det har ofte gått bra, men ein ser då kor vik-

tig det er med sidemålet. Utan den "gamle" kunnskapen dei kunne plukke fram, hadde ikkje dette gått. Men det er fortvilande å bli intervjuet av "nynorskfolk" i Aftenposten på bokmål, fordi dei ikkje har lov å skrive nynorsk.

Når eg skriv taler med manus som vert utlevert, skriv og framfører eg dei på nynorsk normalspråk.

Eg har etter kvart vorte skeptisk på nynorsken sine vegne, på at alle skal bruke dialekt i offisielle høve. Eg trur det er viktig å høyre nynorsk også av og til, for eksempel slik Herbjørn Sørebø med fleire har brukt språket.

Sidemål handlar om å gje folk utdanning/kvalifikasjon til å kunne utføre arbeid i t.d. sekretariat i organisasjonar der eg har hatt tilknytning. Det er viktig at ein kan skrive litt nynorsk.

Konkurransetilsynet snakkar om eit asymmetrisk syn i forhold til store og små aktørar.

Vi treng eit sterkt asymmetrisk syn mellom bokmål og nynorsk. Det må vere strengare å bruke bokmål i media i nynorskområder. Nyhendeopplesing i NRK Sogn og Fjordane skal vere på nynorsk, men nynorskpersonar bør òg få lese nyhende på nynorsk i bokmålsområde.

Endå ein gong – takk for målpris! Dette set eg veldig pris på.



# Skeiserevolusjonen på Jølstravatnet

Av Roald Helgheim

*Det første skeisestemnet eg opplevde var på ei flytande skeisebane på Jølstravatnet. Året var 1956, og det var to månader etter at OL-arrangørene i Cortina også måtte sage laus isen – på Misurinasjøen.*

Laurdag 4. og søndag 5. mars 1956 arrangerte Jølster Idrettslag fylkesmeisterskapen for Sogn og Fjordane på "Vassenden Stadion". Oskar Hilleren frå Sogndal sette ny fylkesrekord på 1000 meter og vann alle distansar like suverent. 500 meter gjekk han på 48,6, 1000 meter på 1.36,5, 1500 meter på 2.30,6 og 3000 meter på 5.39. Han slo andremann med ti poeng samanlagt. Det var stryningen Oddmund Tonning, 44 år gammal, som fekk nokre av dei beste åra øydelagt av krigen. Tredjemann var Marin Sterri, som var treningskameraten til Hilleren i Sogndal. Den 23 år gamle vinnaren voks opp i Veitastrond, der han måtte måke ei treningsbane på 200 meter når snøen

hadde falle. I dag bur han i sitt 78. år på Slemmestad utanfor Oslo og hugsar vel stemnet i Jølster den vinteren, då han først vart sognameister, så fylkesmeister, før han vann Vestlandsmeisterskapen på skeiser i Sogndal. På sitt beste var han i landslagsklasse, men vi går attende til start.

## Isen på vatnet


Opphavet til denne artikkelen er den strålende skeisevinteren Jølster opplevde i år, då folk byrja å mimre om glansdagane før den globale oppvarminga byrje å gjere det av med stålisen eg sjølv gjekk på, rett nedanfor skulehuset i Årdalen, og vi alle prøvde å etterlikne den kattermjuke stilen til russarane, med lågt sete og mjuke, men sterke fråspark, og vi såg botnen på vatnet der nede under den blanke stålisen Jan Erik Vold skriv om, i eitt av skeisedikta sine. Lengdeløpsskøyten mine var reima til bek-saumane. Andre hadde berre tre-

skeiser eller snabelskeiser. Skeiser med sko hadde eg aldri, men den teknikken var der. Til og med mor mi, som eg aldri trudde kunne drive idrett, spente på seg skeisene. Og vi hadde den første kunstlauparen, ein mager, spenstig bonde som heitte Arvid innja i Garden og som gjekk like lett framlengs som baklengs, og som flaksa, nei dansa bortover isen i dress og skyggelue. Det var femtitalet, då folk som Oleg Gontsjarenko, Boris Sjilkov og Evgenij Grisjin kom med atomtidar frå Alma Ata-bana i Sovjet i bagasjen, og erobra hegemoniet på skeisebanene i Europa frå Nederland og Noreg. Hjalmar "Hjallis" Andersen hadde lagt opp etter tre strake NM, EM og VM, pluss tre gull i 52-OL. 1500-meteren var distansen til Roald

*Sist vinter var det igjen gode forhold for skeiseløp på Jølstravatnet. Små og store kosa seg på isen denne januar-dagen. Foto: Hallstein Dvergsdal*







Aas, men det byrja å snø. Fire år etter delte den evige toaren 1500 meter-gullet med Grisjin i Squaw Valley på 2.10,4 men det er ei anna soge.

Opphavet vårt er altså minne frå den barndommen då isen var ekte, vekt til liv denne vinteren i 2010 då det både i Firda og på Origosida til Jølster dukka opp mange skeiseminne, og det herska ei stund forvirring om når den store meisterskapen på Vassenden eigentleg fann stad.

Sjølv var eg tretten år då det hende, og to år før hadde eg lese den første skeiseboka i mitt liv, "Stjerner på bølgelengde" av den legendariske radioreporteren Finn Amundsen, mannen som på direkten frå eit skeiseløp på Hamar rett før OL i 52 klokka inn Hjalmar Andersens rekordløp på mila i radio med: "Jeg har 16.32,6 – bevare meg vel". Skeiseløparane var radiostjerner, Bislett låg ikkje i Oslo men i radio. "Radio Bislett" har Kjartan Fløgstad kalla det stadionet han aldri var på fysisk. Det var eg, under den norske skeiserevolusjonen i 1963 då verdsrekordane fall som fluger i ein landskamp mot Sovjet, for meg den største hendinga det året ved sida av jazzgiganten John Coltranes konsert i Njårdhallen.

For fem år sidan kom boka "Folkets Stadion Bislett", og det var den utløyssande årsaka til at eg for første gang for alvor grov meg ned i saga om meisterskapen i Jølster, i ein artikkel i avisa Dag og Tid.

### Hendinga

Under tittelen "Stor idrettshending på Vassenden" er skeisestemnet skildra

fargerikt – men utan eit einaste bilete – i avisa Firda 6. mars 1956. "Det var finfin is på 'Vassenden Stadion' då krinsmeisterskapen vart opna laurdag. Og resultatet let heller ikkje vente på seg. Det vart ny krinsrekord på 1000 meter med 1.38,5 av Oskar Hilleren, Sogndal, og mange personlege rekordar".

Tilhøva var ikkje så bra den andre dagen. Det hadde vore snødrev og mykje snøsmoking, men mot slutten av stemnet slo sola seg gjennom skydekke, "sikkert for å kunna fylgje med i samløpet på 3000 m. mellom dei to beste", som det står. "Ein tenkte seg at nordfjordingen (Tonning) kanskje kunne riva til seg denne distansesigeren, men sogningen var for sterk og hadde eit sikkert forsprang etter 4 rundar". Sogningen slo stryningen med 15 sekund, og journalisten var imponert. "Det var svært interessant for oss å sjå dei instruerte og veløvde lauparane frå Sogn, der dei gjekk rytmisk med lange glidande tak", skriv Firda, som skundar seg å leggje til at dei ikkje var mindre imponert over deltakarene frå Florø, Svortevik, Haukedalen, Jølster eller Breim! Ingen jølstring er å finne på resultatlista til Firda, men Jølster Idrettslag og dei som berga skeisebana frå å gå under får dei beste skussmål, for ein kraftprestasjon utanom det vanlege.

### Å sage is

"Noko slikt har ikkje hendt før i norsk skøytesports historie", sa sølvvinnaren Oddmund Tonning då han som formann i fylkesutvalet for skeise-

sporten takka Jølster Idrettslag for arrangementet. Kraftprestasjonen stod arrangørar og bygdefolk for, etter at bana torsdag før stemnet låg under fleire centimeter snø og vatn etter mykje regn i dagane før. Fredag morgon møtte førti mann opp og tok til å handsage isen, "føre middagen rundt ytre bane, om ettermiddagen innanfor indre, i alt om lag tusen meter", skriv Firda. Isen var elleve tomnar tjukk. Elevane med heimyrkjeskulen hjelpte til. Skeisebana løfta seg 10–12 cm, og vatnet rann av. "Bana steig ujamt, og ein måtte arbeida ikkje så lite for å heva ho vassbeint". Klokka åtte var bana rein, ho vart sprøyta med åtte tunner vatn. Klokka 6.30 laurdag morgon var isen perfekt, men nokre sprekkar i svingane måtte utbetrast. Søndag morgon var det fem cm vatn på bana, som måtte løysast på nytt med øks og sag.

### Speaker

På grunn av istilhøva måtte publikum stå på land. Etter løpa vermdde vi oss med mat og kaffi i forsamlingshuset Gjesthalla. "Store Stå" var på nord-sida av vatnet, og til det prikkfrie arrangementet høyrde også eit godt høgtalaranlegg der Ivar Helgheim og Hilmar Hilleren sytte for speaker-tenesta. Hilleren var framhaldskulelæraren vår, og Ivar Helgheim – den no heimvende sonen til min generasjons store lærar og klokkar Ingolf på Fredheim – hugsar stemnet godt.

– Eg var også speaker under eit hopprenn i Kårebakken (hos Kåre på Flatene der bakken låg), og der stod eg midt mellom dommarane og leng-





Frå v. Karstein Nesje, Oddmund Tonning og Oddvin Frøholm under fylkesmeisterskapen på Vassenden 1956

demålarane og var snøgt ute med resultatet i høgtalaren. Så gunstige var ikkje tilhøva på skeisebana for speakertenesta, men eg kan vel trygt seie at det var det mest profesjonelt gjennomførde skeisererennet eg har vore med på, seier Helgheim med eit smil. Den siste skibakken på Flatene vart til pinneved under nyttårsstormen i 1991, og hoppporten tok seg aldri opp att i bygda. Men soga om skeiserennet på Vassenden lever vidare, ikkje minst på grunn av Oskar Hilleren.

### Sigerherren

– Då eg skulle varme opp før eitt av løpa i Jølster, steig eg utanfor kanten av bana og stod med den eine foten i vatn til knes, seier Oskar Hilleren. Han gjorde reint bord på "Misurina"-isen, men korleis gjekk det med oppvarminga vidare?

– Skeisebana låg eit stykke frå land, det var lagt ut plankar, men vi hadde ingen garderobe å gå til. Det var berre å ta av sokken, vri mest mogleg vatn ut av han, dra på skeisa og gå, seier Hilleren. Han er likevel mektig imponert over arrangørane.

– Jølstringane var pionerar, og det var OL i Cortina i januar som inspirerte dei, seier Hilleren. På spørsmål om kor lenge han var aktiv på dette nivået, svarar han frå 1956 til 1958. Han gifta seg og fekk familie å ta seg av. Han kom til Oslo gjekk for skeisegruppa i BUL.

– Der hadde eg alle klubbrekordane til Nils Aanness kom, seier Hilleren. Aanness var ein av dei store under skeiserevolusjonen i 1963 saman med

Knut Johannsen, Per Ivar Moe og Magne Thomassen, kvartetten som same år gjorde reint bord under EM på Nya Ullevi, men det er ei anna soge.

Dei personlege rekordane til Oskar Hilleren er 43.9 på 500 meter, 2.23 på 1500, 8.45 på 5000 og 17.59 på 10.000. Det var nok til å få Skøyteforbundet sitt sølvmerke, og han var den 33. løparen som fekk det. Han gjekk under 17 minutt på mila det året vinnartida til Sigge Ericsson under OL i Cortina var 16.35,9. Då gjekk Kuppert på 16.36,9. Hilleren er mest stolt over 43,9 på 500 meter, i ei tid då dei beste norske langdistanseløparane hadde trøbbel med å kome under 44 blank på sprinten og måtte vinne med svært mange sekund på den avgjerande mila om dei ville vinne samanlagt. Den einaste norsk spesialsprintaren av internasjonalt format var Alv Gjestvang frå Skreia, bronsevinnar i Cortina med 41 blank, og einaste medaljevinnar utanom sølvvinnaren Knut Johannsen på mila. Dette var også tida med landskampar, og Hilleren skulle eit år ha vore med mot Nederland, men vart skadd.

– Men eg har gått mot alle dei store frå 1956, seier Hilleren. Ein av dei nederlandske var Kees Broekman, som han slo på 500-meteren på eit stemne på Geilo. Før russarane kom, var Nederland den hardaste konkurrenten til Noreg. Oskar Hilleren var vel kjend i den norske skeiseleiren, og var i 1958 med i eit oppvisningsstemne på Fosshaugane saman med legendane Roald Aas og Torstein Seiersten.

Hilleren har vore forretningsmann og har stått i arbeid heile livet, trass store leddgiktspilger. Han bur framleis på Slemmestad utanfor Oslo. Etter at den eldste broren i søskenflokket på sju døydde, tok Oskar nyleg over ansvaret for farsgården i Veitstrond, der han er om sommaren. Femti mål dyrka mark leiger han bort, og inntekta av garden står oppført i skattelista for Luster. Ein annan bror har kjøpt og flytta inn i nabohuset.

– No har eg både hus og hytte i Veitstrond og eit sel på Tungastølen, seier Hilleren, like blid og entusiastisk som alltid når vi snakkar om gamle skeisedagar.

### Skeisetidene

I min generasjon var kunnskap om skeisetider ein sport i seg sjølv. Då Finn Amundsen skreiv boka "Stjerner på bølgelengde" hadde Hjallis lagt opp, men han kom attende i 1954, då han tok sitt fjerde NM. Det var hans siste meisterskapstittel. Hjalmar Andersen gjekk sitt siste løp under VM på Bislett i 1956, etter ha vore med i OL-troppen same år og gjort ein heiderleg innsats i Cortina med ein sjetteplass på 10.000-meteren. I Cortina deltok også bergensaren Sigmund Søfteland på 500 meter, den første og lenge einaste vestlending på landslaget. Saman med Finn Hodt og Hroar Elvenes hamna godt nede på lista på sprintdistansen. På eit avisbilete trenar Hjallis saman med Kuppert på Misurinasjøen. I teksten til biletet står det: "Skøytebanen var målt opp ute på Misurinasjøen, men før at isen ikke skulle skru og bli ujevn, var den skåret løs og lå og fløt som et gigantisk isflak på sjøen. Av og til gikk noen i råka".

Det var i januar 1956. Skeisearenaen på Vassenden var ikkje eit stort isflak, men ein avlang ring av is arrangørane som ved eit under fekk til å fløte, fullverdig og god nok til å arrangere ein prikkfri skeisemeisterskap på. Det er ei soge som er for god til å bli gløymd.



# Med hjarte som drivkraft

Eit innblikk i ei jølstrajente sine erfaringar frå Paul McCartney skulen

Av Anne Grete Helgheim

Det er laurdag 2. mai 2009 i Liverpool, England. Klokka har så vidt passert 19.00. På Liverpool Institute For Performing Arts, eller "Paul McCartney-skulen" som instittuttet vert kalla på folkemunne, går årets tre siste eksamenskonsertar av stabelen i kveld. I snart to veker har årets avgangselevar i musikk presentert arbeidet sitt for publikum, lærarar og medstudentar. I Paul McCartney Auditorium fyllest benkeradene. Det er under ein halv time til kveldens første student skal i elden.

I garderoben sit ei veldig nervøs jente frå Jølster og går igjennom sjekklista si enno ein gong. I kveld må alt stemme. Ho ser på klokka. Om litt går ho og bandet på scena. Ho har jobba hardt og målretta det siste året med materialet som skal presentert i kveld. Eit ufatteleg tal timar har ho lagt bak seg med komponering, tekstskrivning, arrangering, øving, planlegging og organisering. Ho har skrive over 1000 e-postar og tekstmeldingar. Ho har hatt promoteringskampanje. Ho har sykla rundt i Liverpool og hengt opp plakatar. Ho har laga lysbildeshow. Alt som skal gå føre seg på scena i kveld er godt innøvd, til minste detalj. Ho er godt førebudd.

Rundt henne står musikarar, koristar, lydteknikarar og lysfolk som alle har viktige arbeidsoppgåver som må utførast dersom konserten skal gå bra. Stemninga er spent, og heilt annleis enn på øvingane, med fjasing, skratting og bolle-eting. No gjeld det. Det er sveitte handflater og bleike nebb. Dette må vere første gongen bandet har greidd å vere heilt stille saman. Det bankar på døra, det er fotografen som lurar på om han har fått setereservasjon.

Klokka tikkar. Jenta frå Jølster har det ikkje godt. Nervane kjem i døningar. Dei seier at det vert betre etter



Foto Pete Carr

kvart, at du venner deg til det. Det stemmer ikkje for alle. Ho lir framleis framfor kvar konsert. Kvar gong lurar ho på kvifor ho utset seg sjølv for ei slik påkjønning. I kveld er det eksamenskonsert og ekstra ille. Ho tenkjer eit sekund på om ho rett og slett skal stikke av frå heile greia. Hoppe på første og beste buss til Strawberry Fields. Ta toget til Newcastle og hive seg på ferja over til gamlelandet. Så bussen vidare til Ålhus og traktor-ekspressen opp på stølen. Inn i selet og kroken på døra. Av med mobilen.

Lindzy dukkar opp i bakhovudet og snakkar om steinaldermenneske, frykt og fluktrespons. Linzy er psykolog og tilsett ved LIPA. Ho underviser blant anna i scenebevisstheit og kan mykje om stressmeistring relatert til utøvande kunstformer. Jenta frå Jølster tenkjer på teori og praksis. Vanlegvis pleier teorien å vere den vanskelegaste delen. Stemma til Linzy fortset i bakhovudet: "Dersom du ikkje føler deg komfortabel, så spel! Spel komfortabel!"

Tankane går vidare til alt arbeidet ho har lagt ned, på den lange vegen

ho har lagt bak seg til no. Under sminkespeglane kan ho sjå fjellskoa sine stikke fram bak gitarkassar og vesker. Ho pleier å bruke dei når det regnar i Liverpool. Det gjer det ifølge liverpoolarane og scousarane heile tida. Dei klagar og syt. Dei skulle hatt seg ein novembermånad på Vestlandet. Jenta ser på fjellskoa att. Dei minner henne på kvar ho kjem ifrå. Den første tida ho budde i Liverpool vart ho til slutt nøydd til å rydde dei ut av syne saman med Bergansjakka. Ho sakna fjella.

Tilbake i garderoben slår ei ny bølge med nervar inn over land og etterlet henne på sida av seg sjølv. Plutseleg kjennest alt litt uverkeleg. Her sit ho, på LIPA i Liverpool, England. Klar til å gå på scena og gjennomføre ein stor konsert for eit stort publikum. Det var jo dette ho drøymde om i oppveksten. Når ho låg på ryggen i graset utanfor siloen og håpte på at det var lenge til neste lass. Ho såg på flya som f auk høgt der oppe. Synet fekk henne til å lengte vekk mot noko ho ikkje visste heilt kva var enno. Men ho kunne seie så mykje som at det var noko godt, veldig viktig, og mykje meir spennande enn å jamne i siloen. Soundtracket var postens sommarkassett på full guffe så det ljoma over heile Ålhus.

Det bankar på døra igjen, denne gongen er det scenesjefen. Nokon ropar ute i korridoren. "Anne Grete Helgheim is on in a few minutes". Scenesjefen smiler. "Are you ready to go on stage, Anne Grete?"

Eigentleg var det kunstnar eg hadde tenkt å bli. Eg hadde brukt mykje av tida mi på Førde Gymnas på å glane ut gjennom glaset og tenke at livet måtte no ha noko meir å by på. Eg hadde på ein måte alltid visst med meg sjølv at det måtte bli eit kreativt yrke på meg, og etter mykje fundering på kva eg skulle



gjere med livet, tok eg til på Kunstskulen i Bergen.

Det var ei spennande ny verd som opna seg, og eg treivst veldig godt. Det var fantastisk å få utfolde seg kreativt kvar dag, og eg utvikla meg ikkje berre kunstnarisk, men også personleg. Men eg hugsar at eg av og til hadde problem med å sjå føre meg meg sjølv som kunstnar, og eg tenkte at det kanskje hadde vore betre dersom eg kunne jobbe på same måte som på kunstskulen, berre med musikk i staden for med maling, lerret og leire. Eg kunne berre ikkje forstå korleis det skulle la seg kombinere med hardingfelespeling.

Eg hadde spelt fele i Indre Sunnfjord Spelemannslag under heile oppveksten, og musikk var ei av mine største interesser. Vi farta land og strand rundt med spelemannslaget på kappleikar og festivalar med nystrokne skjorter og bunadsko. Vi hadde det utruleg kjekt. Sjølv om folkemusikk etterkvart var blitt den musikk-sjangeren som låg mitt hjerte nærast, hadde eg vel i grunn aldri drøymt om å bli folkemusikar. Eg hadde eit behov i meg for å bli høyrte, men eg trengde eit forum der eg kunne uttrykke meg friare. Slåttane var jo alltid fiks ferdige, og det måtte lærast, øvast og terpast. Eg hugsar at eg var frustrert. Eg greidde aldri å øve på det eg skulle. Det vart ofte til at eg fjasa i staden.

Det var eigentleg heilt tilfeldig at eg tok til å spele gitar. Eg var kommen inn på Kunsthøgskulen, og flytta inn i ei ny leilegheit i Bergen. Den tidlegare leigetakaren var sjømann og hadde sett igjen nokre ting som skulle hentast når han kom i land. På toppen av lasset låg ein gitar som mangla den lysaste strengen. Eg kunne sjølv sagt ikkje dy meg, den måtte prøvast.

Eg vart sittande i timevis. Før eg gjekk og la meg seint på natta hadde eg komponert min første enkle, vesle låt. Etterpå låg eg i senga og kjende ei fantastisk, boblande glede. Det som hadde skjedd var så spennande at eg hadde problem med å sove.

Gitaren fekk ei utruleg kraft over meg, og snudde opp ned på kvardagen min dei neste vekene. Når eg var på skulen kunne eg ikkje vente

med å komme heim til min nye flamme. Eg brukte all ledig tid på å sitte med gitaren og finne på nye melodiar. Vi var ikkje til å skilje, før sjømannen kom heim og gjorde krav på den. Det følte som om nokon tok ifrå meg noko som var mitt. Eg hadde ikkje anna val enn å skaffe meg mitt eige instrument.

Det vart etter kvart mindre og mindre kunst og meir og meir gitarspeling og låtskriving. Det følte heilt naturleg for meg å komponere. Eg hadde aldri før skjont korleis folk kunne sitte i fem timar i strekk og øve på felene sine. Eg blei alltid imponert over slik

---

“ *Eg var så lite førebudd på at eg faktisk kunne komme inn på skulen då eg søkte, at eg ikkje hadde tenkt skikkeleg igjennom kva eg skulle gjere dersom eg fekk plass.* ”

timeskap. For meg hadde øving ofte som med så mange andre ting i livet handla om å kjempe mot og overvinne min eigen latskap. No oppdaga eg ein kapasitet eg ikkje visste at eg hadde. Fem timar var ikkje nok. Låtskriving opna ein ny dimensjon av meining, og det var som om noko grunnleggjande fall på plass.

Fem år etter at eg skreiv min første låt, hadde eg og gitaren slite hol i den grå bogesofaen frå åttitalet som vi hadde. Eg var 28 år og hadde blitt mamma til ein liten gut som snart var eit år, og hadde gått og tenkt på å ta meir utdanning ei stund. Draumen om musikkutdanning dukka opp til stadigheit. Eg hadde lese og høyrte mykje om LIPA, og tenkte at det måtte vere den perfekte skulen å gå på. Men eg hadde også høyrte at skulen hadde veldig høge opptakskrav, og tenkte at det berre var bortkasta tid å søke.

Det var sambuaren min som oppfordra meg til å sende inn ein søknad. Han hadde tru på låtane mine. Det skadar ikkje å prøve, sa han. Det vart til at eg tok meg saman og sende inn ein søknad rett før søknadsfristen gjekk ut.

Nokre veker seinare låg det ein tjukk konvolutt i postkassa frå LIPA, og eg visste at tjukke konvoluttar var eit godt teikn. Eg kunne ikkje tru at det var sant. Eg var kommen inn på LIPA, på Paul McCartney-skulen. Kva skulle eg gjere no?

Eg var så lite førebudd på at eg faktisk kunne komme inn på skulen då eg søkte, at eg ikkje hadde tenkt skikkeleg igjennom kva eg skulle gjere dersom eg fekk plass. Eg hadde jo familie, og det var eit ganske omfattande prosjekt å pakke saman alt og flytte til Liverpool for å gå på LIPA. Eg var skeptisk til om det ville la seg gjere å kombinere ei slik utdanning med å vere småbarnsmor. Igjen var det sambuaren min som måtte få meg til å sjå moglegheitene. Etter nokre rundar med for og imot, vart vi einige om å ta sjansen. Eg hugsar at eg tenkte at vi var galne, men eg visste også med meg sjølv at dersom eg ikkje tok denne sjansen ville eg kunne komme til å angre resten av livet. Uansett korleis dette gjekk, så ville eg alltid vite at eg iallefall hadde prøvd. Eg kom til slutt fram til at det var ein større risiko å bli sittande trygt og godt heime i Norge og tenke på den fantastiske sjansen eg let gå ifrå meg.

Å flytte til Liverpool og begynne på LIPA var skrekkblanda fryd. Det var utruleg spennande å få denne moglegheita, og eg gleda meg veldig til å ta til på musikkutdanninga mi. Dei faga eg gleda meg mest til var naturlegvis komposisjon og låtskriving. Eg var svoltten på lærdom, og kunne nesten ikkje vente med å komme i gang. Samtidig visste eg før eg tok til på skulen at eg ville komme til å måtte sjå mi største frykt i kvitauget dersom eg skulle bestå. Sjølv om eg for så vidt var vand med å stå på scena og spele fele, vart det noko heilt anna når eg skulle opp og framføre mine eigne låtar. Eg var veldig redd for å eksponere meg sjølv. På LIPA er det mykje det det handlar om.





Gjennom dei neste tre åra ville eg måtte gjennomføre mange konsertar med eigenprodusert materiale. Eg ville få sceneopptredenen og låtane mine vurdert og analysert ned til minste detalj. Berre tanken på dette gjorde meg sveitt.

Sjølv om kulturskilnaden mellom Noreg og England ikkje er den største, var det likevel ein stor overgang å flytte til Liverpool. Historia til byen fortel om fattigdom, arbeidsløyse, fråflytting og mykje kriminalitet. Eg hugsar at eg vart litt sjokkert over kor nedsarva delar av byen var, og kor mange tome, fråflytta bygardar der var å sjå rundt omkring. Men eg skulle komme til å trivast i denne byen, ikkje så mykje på grunn av byen i seg sjølv, men på grunn av menneska her.

Liverpoolarane er fandenivoldske, humoristiske, livlege og veldig lette å komme i kontakt med. Eg hugsar første gong eg var på Tesco og handla, og stod mellom reolane og las bak på eit glas med pastasaus for å finne ut kva eg heldt på å putte i korga. Ei dame stoppa opp ved sida av meg, plukka ned eit eller anna frå hylla og spurde medan ho las på etiketten: "Har du prøvd desse?" Dama fortsette å skravle og legge ut om kva mannen og ungane åt og ikkje åt til middag. Vi blei ståande og prate. Ute av butikken slo det meg at eg ikkje kunne hugse sist eg hadde komme i snakk med nokon framande i ein matbutikk. I starten trudde eg jo at scousarane var ute etter noko når dei snakka til meg. Etter kvart skjønnte

eg at dei rett og slett berre var hyggelege, og lærde meg å sette pris på openheita deira.

Dersom du vil ha deg eit lynkurs i engelske banneord, kan du berre nemne Margaret Thatcher for ein scousar. Byen som ein gong var ein stor industriby og ein av dei viktigaste hamnebyane i Europa, har opplevd stor arbeidsløyse og ei jamn fråflytting sidan femtitalet, men den store knekken kom under Thatcher-perioden, då hamna og alt av industri vart lagt ned og titusenvi miste jobbane sine. Alt i alt gjekk folketalet ned med over femti prosent. Shaun, ein ven av meg som er oppvaksen i Liverpool, fortalte meg om kompisen sin som aldri hadde hatt ein jobb. Det hadde heller ikkje faren eller bestefaren hatt. Det var rett og slett tre generasjonar med arbeidsløyse.

Til tross for historia, eller kanskje nettopp på grunn av historia, har Liverpool eit fantastisk rikt musikk og kulturliv. Byen er rett og slett ein engelsk versjon av Cuba. Liverpool er ikkje minst ein pulserande musikkby, der ein kan velje og vrake i konsertar og levande musikk kvar einaste kveld året rundt. LIPA er med på å sette sitt preg på dette lokale musikklivet, og har eit godt rykte blant liverpoolarane. Det er ofte studentar og band frå LIPA spelar konsertar i Liverpool, både som ein del av undervisninga ved skulen og på eige initiativ. Liverpool er kjend som byen der gode musikarar veks på tre. Det er ikkje tilfeldig at Beatles kom nettopp herifrå.

Noko av det første som slo meg

*Frå eksamenskonserten til Anne Grete. Konserten blei framført i Paul McCartney Auditorium, LIPA, den 2. mai 2009. Foto: Zara Jones*

då eg tok til på LIPA var det høge nivået blant studentane. Eg fekk prestasjonsangst så det heldt. Eg hugsar ein av dei første kveldane det var open mik i LIPA-kafeen, og alle førsteårsstudentane var oppfordra til å hive seg frampå og spele. Eg stod bakarst ved inngangsdøra med jakka på og hua godt ned over øyrene. På scena sat ein mandolinspelar og ein gitarist og spelte så eg fekk gåsehud. Eg hugsar eg tenkte at det måtte ha skjedd ein feil på kontoret når dei behandla søknaden min. Kva gjorde eg eigentleg her? Dersom nokon hadde kviskra meg i øyret at mandolinspelaren der framme kom til å bli ein av dei musikarane eg skulle samarbeide mest med på LIPA, at han var ein av musikarane i det fantastiske bandet eg kom til å få meg, hadde eg aldri trudd det.

Det faktum at eg var sjøvlært på gitar, og ikkje kunne verken notar eller musikkteori, gjorde ikkje saka betre. Alt eg hadde av musikkutdanning hadde eg fått i Indre Sunnfjord Spelemannslag. Eg fann ut at eg tross alt hadde ein liten fordel; eg var relativt flink til å lære ting utanat. Det enda med at eg berre plystra litt og lata som ingenting når dei kom og sette notane framfor meg. Det fungerte for så vidt bra for ei stund, heilt til den dagen eg skulle komme inn etter 34



takter med tre tonar. Ein av lærarane gjennomskoda meg og utbraut litt oppgitt: "Anne Grete, do you really play everything completely by instinct?" Ein av dei andre studentane redda meg med å opplyse læraren om at grunnleggaren av skulen, Paul McCartney, faktisk ikkje kunne notar heller.

Å vere student i utøvande musikk kunne til tider vere temmeleg intenst og oppslukande, og arbeidspresset var ofte stort. Det var ei utfordring å byte mellom rolla som småbarnsmor og travel LIPA-student. Eg sprang mellom øving, barnehage og studioarbeid. Eg jobba seint og tidleg og til alle døgnets tider, og kom på skulen med mørke ringar under auga og Ole Brumm i veska i staden for The AB guide to Music Theory.

Sjølv om utfordringane såg litt uoverkommeleg ut ei stund, gjekk det seg til på eit vis. Eg måtte øve meg på å disponere tid, og vart nøydd til å gjere prioriteringar på kvar eg ville ha resultat. Det er rart korleis ein kan vekse med oppgåvene. Etter kvart som eg tok til å slappe litt meir av, og såg at eg faktisk kanskje hadde noko på denne skulen å gjere likevel, torde eg å stole meir på meg sjølv og ikkje bry meg så mykje om kva dei andre heldt på med. Eg vart etterkvart meir og meir sikker på min eigen musikalske stil, og kjende meg meir og meir fri til å gjere som eg ville musikalsk. Kreativiteten skaut i været, eg fekk betre resultat, og positive tilbakemeldingar frå lærarar og medelevar. Eg tok etter kvart til å føle meg heime på LIPA.

LIPA er ein skule med eit stort mangfald. Talentfull ungdom innan musikk, dans og drama kjem til skulen frå så og seie heile verda, med høge ambisjonar, håp, draumar og uttrykks-trang. Energien stod i taket døgnet rundt, og ein kunne ikkje unngå å bli påverka av den intense, positive atmosfæren ved skulen. Det var som å surfe på ei bølge som aldri tok slutt. Eg treivst betre og betre, og eg utvikla meg mykje, både personleg og musikalsk. Undervisninga var lagt opp til at ein skulle jobbe meir og meir sjølvstendig med eigne prosjekt jo lenger ut i utdanninga ein kom, og siste året bestod hovudsakleg i å planleggje og

gjennomføre ein større produksjon i form av ein eksamenskonsert, der ein stod fritt i å velje form og innhald sjølv. Det var stor spennvidde i kva folk jobba med. Frå musikalar og forrykande R&B-show med røyk, lys og dansarar, til eksentriske electronica-show som bevega seg i grenselandet mellom musikk, informasjonsteknologi og kostymedrama frå syttenhundretalet. Det syda av ambisjonar, spenning og kreativitet.

Tredjeårs-prosjektet mitt blei ein folk-konsert med eigenproduserte låtar. Eg hadde etterkvart skaffa meg mitt eige band på skulen, bestående av trekkspel, mandolin, trommer, kontrabass, gitar, piano og koristar. Det var veldig inspirerende å arrangere musikken sin for eit såpass stort ensemble, og ikkje minst få moglegheit til å samarbeide med så dyktige musikarar. Eg hadde det som plomma i egget gjennom heile prosessen med låtskriving, arrangement og øving fram mot eksamen. Eg hadde jobba hardt dei to førre åra, og var ferdig med alt eg syntest var vanskeleg, som musikkteori og komponering av stykkje for obo og tenorsaksofon. No fekk eg konsentrere meg om mitt eige musikalske prosjekt som eg hadde bestemt innhaldet i sjølv. Eg følte meg i harmoni med universet. Livet var akkurat slik som det skulle vere.

Eksamenskonserten gjekk over all forventning, og markerte avslutninga på tre intense og veldig lærerike år som musikkstudent på LIPA. Det var sjølvstøtt veldig kjekt at publikum, lærarar og elevar tok så vel imot min siste konsert ved skulen, men det viktigaste for meg var nok likevel den personlege sigeren eg følte det var at eg no hadde gjennomført og bestått ei bachelorutdanning i utøvande musikk. Eg hadde lært mykje nyttig på LIPA, men den viktigaste lærdommen var nok å lære å stole på meg sjølv og mi eiga kunstnariske dømmekraft, og køyre mitt eige løp når det gjaldt musikk. Eg gleda meg over tanken på at eg no skulle ut i verda og vere musikar og låtskrivar. Så fekk det heller våge seg at eg måtte vere nervøs framfor kvar konsert.

Når eg tenkjer tilbake på den sky og beskjedne jenta eg var på gym-

naset, er det nesten litt ironisk at eg enda opp med ein yrkesveg som inneber å stå framfor eit publikum. Eg kvitte meg i dagevis berre eg skulle stå framfor klassen og lese eit dikt. Eg tippar dei eg gjekk i klasse med ville vere einige i at eg var ein av dei siste i klassen ein skulle tru skulle ende opp med ein slik jobb.

Det kan vere krevjande til tider. Kreativitet går i bølger, og nokre dagar ville eg passa betre ved sida av eit samleband enn som låtskrivar. Det kjem også dagar då livet som forbrukar kunne ha vore meir enn nok, då eg står framfor butikkvindauga og alt eg ønskjer meg i verda er fine ting å bere med meg heim. Då lurar eg på kvifor eg ikkje gjekk på universitetet og blei noko meir ordinært. Det kunne kanskje ha gitt meg meir tryggleik og økonomisk sikkerheit. Eg kunne fått meg ein god jobb og troppa opp kvar dag klokka 8.00, utan noko anna risiko enn å komme for seint på jobb. Og kjede meg.

For mange år sidan leika eg meg med tanken på å satse sparepengane mine på aksjar. Eg fryda meg over tanken på at den beskjedne innsatsen min skulle gje svimlande avkastning. Så slo tanken på at eg like godt kunne tape pengane inn, og det vart ikkje aksjar likevel. Eg har mange gonger tenkt at livet av og til kan vere litt som å satse pengar på aksjar. Det verkar nesten som ei naturlov i livet mitt, at jo meir risiko prosjekta mine inneber, dess større moglegheit er der for ei form for avkastning. Avkastning i form av spenning, meistringsfølelse, glede, lukke og følelse av mening.

Fallhøgda vert stor når innsatsen er hjarte og sjel, når ditt bidrag i verda er eit kreativt personleg uttrykk du må bere heile ansvaret for åleine. Av og til trur eg at det vi har aller mest lyst til å gjere her i livet kan vere det vi er mest redd for å gjere, nettopp fordi fallhøgda blir så stor. Eg var nøydd til å trasse ei enorm frykt for å gjere det eg hadde aller mest lyst til i livet mitt. Eg kunne ha blitt sittande trygt og godt heime i bogesofaen frå åttitalet og skrive låtar for meg sjølv. Men slik blei det ikkje. Eg tok sjansen. Det er ingenting eg er meir glad for i dag.



# Kulturmøte i Sunnfjord

Av Fridtjof Urdal



Av alle dagar så vart det fredag den 13. august ein tok avgarde frå mottaket på Vassenden, 37 i ein 45-seters buss, med Leif Hammar som sjåfør. Takk og heider til dei som gav av midlar og ikkje minst til dei på vegen som gav av tid, kunnskap og omtanke. Eg trur vi kunne fått enno meir hadde vi hatt tid og nytta oss av det. Turen gav ettertanke. Her tenkjer ein ut tur for framande som ein ikkje kjenner og veit noko om. Kva om det var ein sjølv som hadde komme til eit gult hus i ei avbygd ned i "heidningland" i hop med ein heil skokk andre ukjende?

Kulturkollisjon med omgjevnadane, men òg innanfor veggane. Ein lyt sjå og tåle fleire religionar og omgangsformer. Ulik folkeskikk av ulike folk som krev respekt for skikk og vane. I beste mening hadde ein fått for seg at no skal dei få sjå seg om. Valet fall på Værlandet og Bulandet. Vi syner det vi sjølv tykkjer om. Det stikk likevel i ein: Ynskjer dei seg ut i havskjera? Lengtar dei til det urbane, ein usløkkeleg tyrst etter blinkande neon, folk i tusental og storbybulder? Vårt syn på natur er ikkje allmenngyldig. Dette skulle vore betre gjennomtenkt, men då hadde det neppe vorte tur. Vil du vere med, så heng på.

Og der ligg Mo. "Er det eit naturleg fossefall? Huldrefossen, kva er hulder?" Dei hadde liknande vesen på Filipinane og i Kosovo. Dette er Førdefjorden. "Kva er ein fjord? Korleis lagar ein ein fjord?"

Dei undra seg over alle dei store husa ut i øydemarkene. "Bigg hause her?" Vi fortalde: Då husa var små var det mange menneske, men etter som husa vart større, vart menneska færre. "Dei vart vel rikare og?" kom-

*Turdeltakarane ombord på Buefjord og på besøk i Temaparken i Bulandet*





menterte han som ville vite kor ein laga fjordar. Å måle status i golvflate er vi ikkje åleine om. "Diss is Heilefjellet – The Holi Montain". "Ooo? Ja, men dei er då kristne her?"

Vi stogga på Álahøgda. Butikk, bensinpumpe og ballbane. "Evriting ju nid." "Ver iss the pupill?" Smal veg ned i Gjelsvika. Kan ein så stor buss køyre ein slik veg? Det kunne den saktens. Stongfjorden med industrihistorie. Her byrja norsk aluminiumsindustri. Kan hende hadde dei større glede av å lære å plukke blåbær. I Staveneset fekk dei fyrste møte med den nordiske drua. Vi burde løyvd meir tid til blåbær, krekling og lyng enn til radioagentar, partisanar og søkte skip. Men blåbær er kvardagsleg. "Kva er den vesle låge buska med dei raude blomane?" Lyng. Å, kva heiter lyng på engelsk? Ja, lyng. Dei skulle vore grundig informerte om lyng. "Men det treet då?" Einer. "Og det?" Rogn. Somme hadde ikkje forvel sett havet før og ville ned og ta i det.

Der venta ei ferje i Askvoll. Peder Nikøy hadde levert røykjesild på ferja, kalde poteter hadde ein med frå Jølster. Enkel oppdekking på øvste dekk. Sild og grå himmel og roleg hav. Brurestakken vart utpeika og forklart, risen i Alden som kasta stein etter Vilneskyrkja likeins. Der var ingenting nytt, slikt hadde somme hørt om heime. "Eventyr? Eit fyr som heiter Geita?" Her ser ein Kinna og der i sør Lihesten. Ytst ute: Sula. Om det verkeleg budde folk her ute? Tale på framande mål. Dei som vil prate saman og dei som har nok med sitt. Alden veks seg stor og grå. Den norske hest – sjømerke for dei farande langs nordvegen. "Norvay?" Ja, nett det. Vi er glade når dei forstår oss, slik vi ventar at vi skal forståast. Værlandet. Butikk på kaia. "Kvar er det folk?"

Skiltet med "Sjå deg ikkje attende" vart omsett. Neste attraksjon: Landøy Steinindustri. Fyrst køyrde vi feil og enda ein stad det var uråd å snu med 12 meter buss. "Ja, vi får rygge då", sa sjåfør Hammar. To innfødde på ein altan vart spurde til råds. Landøy viste omkring i verksemda, stein slipt og polert. Store blokker utsaga med vaier. Nokre interesserte i steinen og teknikken, andre ikkje. Det var då eg

fekk ei aning her: Er det for mykje ein skal? For lite tid å oppdage. Ein del ville ned i fjøra for å sjå på rek og tang. Det hadde eg ikkje tenkt på. Men her var avtalar og opplegg gjort, og slikt er ikkje lett å gje slepp på.

Temaparken i Bulandet var neste stopp, men fyrst var det sjølve veggen og alle bruene. Bru etter bru – berg, gras, vind og lyng og havet utover i vest. Uendeleg med hav. Tomme horisonten vart fotografert. "Kvar er menneska og kva lever dei av?" Temaparken var stengt på fredag, men i Bulandet ser ein stort på slikt: "Ditta skal vi ordne". No var det dessutan tid for bøn, og før bøn må ein vaske seg. Alt vart ordna. Temaparken er eit vedunder. Gløym det med museum, dette er noko anna. Eit frodig virvar av husbunad, modellar, bilete, fiskereiskap. Kva dei forsto, veit eg ikkje, men at folk der ute er stolte av plassen og historia vart forstått og respektert.

Den vesle jenta oppdaga dokkene i dokkevogna. Vi forklarte så godt vi kunne om krig, forlis og daglegliv. Boka på hylla der det sto "På eventyr i Etiopia". "Er det bok om misjonærar?" Tydeleg at dei ikkje likte at vi sende misjonærar til eit gammalt kristent land. Dei var då kristne, koptarane. "Ho der må då vere muslim?" seier syraren og peikar på dokka i bestestas frå byn 1890. Du kan ikkje sjå håret. "Er det ein prest?" Ja. Den store rusa under taket vekte merksemd.

Sudanaren handfór dei utstilte koggane (lærsko med trebotnar). "Kan eg prøve dei?" Bråkande sko. Ein afrikanar studera bileta i krigsrommet. "Er dette bilete av dei som sat i fengsel?" Ja. Det var ein augneblink ei framand stemning. Så var vi på hyggetur att. Tre mørke kvinner kring ei handsymaskin. Kva sa dei seg i mellom? Dei veit vel ikkje kva det er verd å spørje om, difor må vi forklare: Kva er sjømannen si kiste og kva var bonden si. Sjå her, skjøn oss! Om vi kan få dei til å forstå oss, kan dette gå godt. Er det difor ein peikar på biletet på veggen? Dette hekk i alle skular.

Kongen og kronprinsen under bjørka. Mangt er ulikt, menneske og kulturar i mellom, men gleda over att-



kjenninga har vi sams. Ting og reiskapar vart atkjende og vekte minne. "Er desse frå Japan?" Ja, desse koppane var slikt sjøfolk tok med seg heim. "Ja, slik er det hjå oss òg".

Dei må få sjå ein skikkeleg fiskebåt når dei er vest i havet. "Buefjord" låg heime, og maskinist Leif Rogne stilte opp, endå han i grunnen ikkje hadde tid. Både store og små fekk komme på og under dekk. "Jau, vi trivst no godt her om bord, vi karane". Og det vart fotografert og handfere. Slikt fartøy hadde ein ikkje vore om bord i før.

"Kva tid skal vi fiske?" Det var òg ein ting ein skulle ha tenkt på. Dei er ved havet, dei vil fiske. Ikkje tid til det, ein annan gong. "Ein annan gong, når er det?" Ja, det var det då. Men om dei ikkje får fiske, så skal få fisk likevel. Liv Gjøløy på Værlandet båt hadde kokt ei raus fiskesupe. Det fortelst at gudane på Olympen levde av nektar, ambrosia og steikjeos frå offerbåla, men hadde dei fått smaken på fiskesupa i Værlandet kunne mytologien fort ha vore ein anna. Ein tykte hjarteleg synd i muslimane som hadde ramadan og laut forsake fiskesupa. For den suppa kunne gjeve dei ein smak av kva som ventar i paradiset, og mitt vitne er ein bussjåfør i Firda Billag.

Vi nådde ferja, og duskregnet nådde oss. Endå var det mykje som skulle vore fortalt. Om den smale veggen, om dei små gardane, om folket, om oss, medan vi duva heim gjennom kveld og våtgrønt landskap.

Om dei framande lærde og forsto like mykje om oss som eg lærde om kor lite eg visste om dei og kor tankelaust vi tek vårt eige som allmenngyldig, då er det grunn til å takke.



# Tilbakesyn

Av Zakarias G. Huus

Zakarias G. Huus var fødd i 1906, og skreiv denne artikkelen i 1981. Han var gardbrukar på farsbruket på Hus, bnr. 1 Sakristunet. I januar 2011 er det 300 år sidan forfaren Gunnar Bendiksson frå Søgne sand fekk byggesel på jorda der, og sidan har garden gått frå far til son i ti generasjonar, heilt fram til i dag. Storparten av tida har brukarane veksla mellom å heite Zakarias og Gunnar. Zakarias døydde i 1996, 90 år gammal.

Når ein er komen fram i min alder, so legg ein ikkje lenger planer for framtida. Ein vedgår at ein ikkje lenger har korkje åndelege eller lekamlege føresetnader for å fullføre planer. Heller ikkje har ein føresetnader for å lage planer som er brukande i notida. Dette på grunn av den kolossale utvikling og omvelting som har skjedd i vår tid. Ja, det er mest ikkje å tru at so mykje – ja, eg kan mest seie alt har endra seg desse stakkars 75 åra eg har levd. Og etter eldre eg vert, di oftare tenkjer eg tilbake på mi første barndomstid.

## Enkle butilhøve

Her på garden voks vi opp åtte sysken, eit nokso vanleg tal i den tid. Ei stor, gamal sperrestove, med kove, var einaste varmerommet på garden. Elles var her to buer, vedhus, murt fjøs med høyløe over. Under den eine bua var det eldhus. Alle husa var tekte med never og torv. I stova var det svart tak. Dette frå tida før her var omnar. I koven budde bestefar og besta. Stova var soleis både kjøken, soverom og stove for oss andre i huslyden. Det vart noko trongt om sengeplassen etter kvart som barneflokket vaks til. Men det var ikkje uvanleg i den tid at born, ungdom og tenarar låg i fjøsen vinterstida. Det gjorde eg òg, og dei fleste av syskena mine. Sengene var



Bryllaupsbilete av Zakarias G. Huus og kona Anna f. Myklebust.  
Foto: Privat

plassert over sauestekkanene. Der låg vi varmt og godt. Og duren av sauer som jorta, gjorde at vi sovna snøgt. I buene var senger, so om sumaren låg vi der. Elles var det ikkje so mange vintrar eg låg i fjøsen. Kovelemmen vart vølt, og der vart sett opp omn, so då låg vi der.

No var det ikkje berre her på garden at butilhøva var så enkle. Det var stort sett det same på gardane omkring. Men vi visste ikkje om noko betre, og vi høyrde aldri om korkje sveltestreik eller andre aksjonar, for å betre tilhøva.

## Kosthald

Når det gjaldt kosthaldet, so var det etter måten like enkelt som butilhøva.

Eg kan ikkje minnst at det var meir enn fire måltid for dagen. Det var frukost, middag, nons og kveldsmat, og slik er det framleis. Men tidlegare veit eg at det var vanleg med ein matpause i titida om føremiddagen. Då åt dei "beskjinn". Dette var sikkert turvande, for om sumaren, når folket stod opp i femtida om morgonen og åt frukost, so vart det for lenge, i fullt arbeid, til middag kl. 12.

Det første eg hugsar, so var frukosten potetkaker med margarin og brim, og stundom sirup, med kokt skummamjølke til drikke. Seinare overtok kaffien for mjølka. Etter kvart vart det òg brød, saman med potetkakene. Potetkaker vart steikt to gonger for veka, på brødhella i eldhuset. Og vi ungane måtte reinske potetene – eit arbeid som vi lika berre måteleg. Laurdagane vart det i tillegg til potetkakene også steikte sveler. No er baa desse

kakesortane ute av kosthaldet. Men dei er ikkje gløymde. I sers festlege høve, når fata med dei mest utsøkte småkaker vert sende rundt ved bordet, so hender det endå at det blant desse kan finnast potetkaker og svele, og takk for det. For med meierismør på, då er dette verkeleg god mat.

## Middag og nons

Middagen var det meir variasjon på, serleg om vinteren. Det vart brukt mykje storsild på etterjulsvinteren. Den vart brukt fersk, so lenge som ho var fersk. Elles vart silda salta og røykt. Om våren var denne silda speka, og vart då brukt til middag saman med poteter og flatbrød. Røykesilda vart òg brukt før ho var speka, då kokte dei henne.

Elles var det ofte steikt flesk og pølse til middag. Sume dagar lapskaus. Det var sjeldan det var spekesild til middag. Sundagsmiddagen var



oftast raspekaker. Det hende vi hadde det elles i veka òg. Omlag alle spedkalvar vart slakta, og av dei vart det mange middagar gjennom året. Fisk var her ikkje brukt, i alle høve ikkje om vinteren. Eg veit ikkje om det var berre her på garden det var slik, men vi hadde fast skikk med fisk andre juledag og andre påskedag. Om sumaren fiska vi gjerne noko aure, med oter. Og etter kvart som vi gutane voks til, so fiska vi noko med stegle (line).

Til nonsmat var det ingen variasjon. Då var det spekesild, kokte poteter, flatbrød og surmjølk. Eg hugsar ikkje so nøye kva tid overgangen frå sild til kaffimat vart innført hjå oss. Eg var vel ti–tolv år. Til kvelds var det havregraut og surmjølk. Eit stort trefat med graut og ei stor skål med surmjølk. Og der sat vi rundt bordet og åt av same grautfatet, og same mjølkeskåla (sulskåla). Men skeiene var vi meir strenge med. Vi hadde kvar vår skei. Det var ikkje snakk om å bruke ein annan si skei. Det var hornskeier vi hadde. Dei var slik at dei tolde ikkje heitt vatn, so dei kunde ikkje vaske dei. Men det var heller ikkje turvande. Vi sleikte godt av dei, turka dei på trøyeerma, og sette dei i reikja. Reikja var ei smal remse av tre, der det var utsaga nokre hakk for kvar skei. Denne var spikra på veggen ved høgsetet, og der stod skeiene i rekkje og rad. Dette var i mi første barn-domstid, sidan kom aluminiums-skeiene.

Om sumaren var det flesk og graut til middag, og spekesild til nons. Storparten av sumaren vart desse måltida etne ute, eller i utmarksløer. Her på garden var seks utmarksløer som eg har vore med å slege til. No er alle borte, med unntak av ei – Stølskviløa – men heller ikkje den har vore i bruk siste mannsalderen. Nabogardane hadde tilsvarande med utmarksløer. No er alle borte, saman med mange gilde minne. Alle desse utmarksløene skaffa mykje arbeid gjennom sumaren, men og mykje før.

### Tungt vinterarbeid

Tyngste og vanskelegaste arbeidet var vinterarbeid. Då skulde alt høyet heim. Det var ofte eit svært slit, både for folk og hestar. Best var det om ein fekk køyre mest mogeleg av høyet frå

Husdalen på førjulsvinteren, helst på første snøfallet. Men det var ikkje alltid det laga seg slik. Det måtte vere godvêr òg, og ikkje vind. Det kunde hende vintrar at vêr og føreforhold var so vanskelege at vi ikkje fekk køyre alt høyet. Fekk vi ikkje køyre, så måtte vi drage det. Til å drage høyet med brukte vi eit reiskap som vi kalla "tang" – "ringle" kalla sume det. Dette reiskapet var fire lange ski som låg jamsides med kring 10–12 cm mellomrom, og var samannagla i endane med nokre tverrgåande bjelkar. Desse måtte berast til dals, men dei var ikkje serleg tunge, og ein kunde lesse bra lass på dei. Ofte var det når det leid fram til våren at vi "drog høy", då var det skare om morgonen. Men var sola serleg strid, so hende det at skaren vart borte før vi kom heim, og då var det eit umenneskjeleg slit.

Stølsmøka skulde òg køyrast. Den køyrde vi ned på Øvstebøen. Sjølv om vi hadde stølskvie som òg skulde ha gjødsel, so vart det att noko til Øvstebøen likevel. Det var svært sjeldan at stølsmøka ikkje vart køyrd, og det var rekna for stor skade om stølsmøka vanta. Her var ikkje kunstgjødsel i dei dagar. Vi strødde noko oske utover i slike høve. Det er mogeleg dette hjelpte noko, men det vart ikkje det same som møk.

Det var korte dagar om vinteren, so dagane gjekk med til det faste vinterarbeidet – høykøyning, møkakøyning, vedakøyning og vedhogging. Etter kvart vart det mykje steinkøyning, etter som nydyrkinga tok til å auke på.

Var vinterdagane korte, so var vinterkveldane tilsvarande lengre. Men dette førde ikkje til arbeidsløyse eller vanskar med korleis denne fritida skulde nyttast. Mannfolka tok ikkje del i fjøsarbeidet i den tid. Dette var kvinnfolkarbeid. Det var tenestegjenta – "terna" – som hadde hovudtyngda av fjøsarbeidet, gjerne med hjelp av husmora og borna. Hestane var det mannfolka som stelte. På kvar gard var det ei følmerr. Ho skulde have føl kvart år, så det vanlege var at der var tre hestar i stallen først på vinteren – merra, følet og åringen (følet frå året før). Det var fôrmengda som avgjorde kor lenge dei kunde have åringen. I ringe fôrår måtte han gjerne seljast om hausten. Var høystålet

stort, kunde dei stundom have han heilt fram til våren.

Vinterkveldane var mannfolka i stova og arbeide med ymse ting der. Far arbeide sjølv alle skoa til huslyden. Og det måtte gjerast om vinteren. Det var ikkje berre arbeid av nye sko, det var òg halvsoling og vøling elles. So var det alle treskoa som skulde gravast.

Hesteselen måtte også vølast sume tider. Lagging var eit viktig arbeid. Det var lagging av bøtter, vaskebaljar og elles arbeid av ymse småreiskapar – ljàorv, grevskaft o.a. Eg minnest godt den vesle høvelbenken som vart teken inn i stova når sovore trearbeid skulde gjerast. Han vart reist opp etter veggen når arbeidet var slutt for kvelden. Der stod han til neste kveld.

### Kvinnfolk- og mannfolkarbeid

Fram på etterjulsvinteren høyrde og skavsmiing til det faste kveldsarbeidet. Det var osp, rogn og hegg som vart nytta til dette. Borken og kvisten vart nytta som fôr til kyrne, noko dyra likte svært godt. Almeborken var beste fôret, men den brukte vi ikkje før om våren når sevja var komen, då kunde vi flekkje borken av. Om hausten når alt innhaustingsarbeidet var ferdig, var det sauesanking, klypping og slakting. Klyppinga var kvinnfolka sitt arbeid. Slaktinga vart utført av karfolka på garden. Slaktarar var dei alle.

I slutten av oktober tok kvinnfolka rokken fram, og sidan dura det i stova heilt fram til jul, då skulde spinninga vere ferdig, og rokken skulde ut. Då måtte det vere nok garn til vevane som skulde vevast etter jul, og sokkar og vottar skulde spøtast. Det var vadmål, tvauskjøel og ullteppe (kvilsjar) som til vanleg vart veve, men dei vov òg store teppe (åkle). Vadmålet vart sendt til stamping og farging. Eg hugsar godt den stampa som han Bertel på Leita hadde i Årdalselva. Det var i "myllåvinnå" det arbeidet gjekk for seg. Tvauskjølet vart brukt til underklede.

Arbeidsklede vart sydde av kvinnfolka på gardane, men bestklede vart sydde av skreddarar, her var både mannlege og kvinnelege skreddarar. Kvilsjar vart det veve mykje meir av enn det var bruk for. Det vart rekna som noko av velstanden på garden



det at det hang so og so mange ullteppe og åkle på stengene i bua.

### Skule og konfirmasjon

Eg minnst godt tida eg gjekk i folkeskulen. Skulehuset var i Årdalen, so skulevegen var lang, 3 km. Vi gjekk i skulen annankvar dag. I godt vêr var ikkje denne skulevegen noko å klage på, men i ausande regn og drev var det verre. Ein sydvest var omlag alt vi hadde av regnklede i dei dagar. Ein avbroten paraply hende det at vi hadde. Men dei hadde eit slikt underleg lag til å vrengje seg i verste vindrosene. Men vadmålsklede tolde mykje før dei vart gjennomvåte, og so hadde vi tjukke ullsokkar. Eg hugsar godt kor sukkande våte vi var på føtene når vi kom i skulen om morgonen, og det sat vi med heile dagen. Det var vel dei tjukke og gode ullsokkane å takke at det gjekk bra. Det var sjeldan vi var sjuke. Var det store snøfall, hende det at dei køyrde oss på skulen om vinteren, for det var ikkje alltid at vegen var pløgd når vi reiste heim frå om morgonen.

Skuletida vart slutt, og vi skulde konfirmerast. Konfirmasjonførebuinga var i kyrkja. Vi var mange konfirmantar det året – eg trur det var 44 –, og vi samlast i kyrkja ein gong for veka. Presten heitte Liljedal. Det eg minnst best frå denne sumaren er sjølv konfirmasjonsdagen. Til vanleg var konfirmasjonen om hausten, men dette året vart det i august. Grunnen var at Liljedal skulde reise frå bygda. Dette var siste preika hans, og det var difor både konfirmasjon og altergong på same dag. Det var ein varm og travel dag. Ein varm sumardag med nye, stive vadmålsklede og med stiv snipp for første gong i livet.

### Til kyrkje

Andre barndomsminne frå preikesundagane er rekkjene med båtar som kom frå Myklebost og Dvergsdalen. Sumarsundagane med blekkande stilt vatn var det mange båtar. Båt var det på kvar gard, og til kyrkje reiste alle i den tid. Eg minnst og rekkjene av hestar og kjerrer frå inste bygda slike dagar. Ein annan ting som òg sit i min-

net er dei eldre mannfolka som letta på hatten når kyrkjeklokka tok til å ringje. Også denne skikken fall bort etterkvart, men eg hugsar enno den siste som eg såg gjorde det.

Her var ikkje lokalblad som tok seg av kunngjeringar og slikt noko i dei dagar. Det vart opplese på kyrkjebakken. I mine smågutedagar var det bestefar som hadde den jobben her. Eg fylgde ofte han til kyrkje, og eg hugsar godt når han stilte seg opp ved eller på sakristitroppa og gjorde kjent: "Jeg har nogen bekjentgjørelser". Bestefar hadde ikkje vanskar med bokmålet, han var i Bergen frå han var 15 til han var 25 år. Berre ein av disse "bekjentgjørelsene" hugsar eg. Overskrifta var: "Her eftersøkes en mand" – så var det skildra kor mannen såg ut, alder, storleik o.a. Men det var siste setninga som sette seg serleg fast hjå meg, og den vart lesen med serleg høg røyst: "Manden er ikke ufarlig!" Eg veit ikkje korleis det vart om dei fann mannen. men vi borna var i alle høve svært mørkredde i lange tider sidan.

## SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje/rullestolbil/turvogn  
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei



KLØPPE KRÅNA  
frisørsalong

tlf. 57 72 85 55

kms Cutrin  
BED HEAD  
TIGI

torleivRIPE

6843 SKEI



BYGGMESTER



Mobil. 945 66 144 - 911 75 903

elfag

Årdalsbakke Elektro AS

Lona, 6843 Skei i Jølster



elfag.no - Når du treng elektrisk



# EIN MEDSPELAR I



Vår honnør til alle i Jølster som yter ein innsats til målsaka i kommunen.



Her møtast alle!



STOR KIOSK



VEGKRO



KAFFIBAR

## SKEI SERVICENTER

6843 SKEI • TLF. 57 72 82 34 • FAX. 57 72 67 33



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmepumpe luft/vatn  
Pumpeanlegg  
Kjøkkeninnreiing  
Baderomsmøblar

## JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBASSE  
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

## VASSENDEN TAXI



6847 Vassenden

Mobil 48 21 00 22



## JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 68 90  
[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no)



8-20 (9-18)

6843 Skei tlf. 57 72 81 22

## Kjosnes Feriehytter

Høgstandardhytter - heilårsovernatting

[www.kjosnes.no](http://www.kjosnes.no)  
Telefon: 57 72 85 29/970 19286



## Sentralt i fylket



### Ideelt for avvikling av møter, kurs og konferansar

Skei Hotel er blant dei leiande kurs-/konferansehotella i fylket. Hotellet har plass til 250 overnattingsgjester, den nye "Jølstersalen" tek inntil 400 personar i plenum og kan delast i 3 salar. Vår kursvert syter for trygg og god gjennomføring av alle kurs- og møtearrangement.

Vi har breiband i heile kurs- og konferanseavdelinga og på alle gjesterom. I den flotte symjehallen er det behageleg sommertemperatur heile året. Skei Hotel kan også tilby populære aktivitetar i nærmiljøet, t.d. rafting, urvandring, golf, paintball, brevandring og villmarksleir.

Hjarteleg velkommen!

6841 Skei i Jølster  
Tlf: 57 72 78 00  
Fax: 57 72 78 01  
info@skeihotel.no  
www.skeihotel.no

Best Western  
**SKEI**  
Hotel



44

## Roald Sunde

Transport - Sandtak

Graving - Muring

Sentral godkjenning  
maskinentreprenør

57 72 81 91/952 31915

**Stein Arne Sunde AS**

918 94578

## Utemiljø med stil

### NATURSTEIN

kan leverast i ulike typar:

- Handstein
- Liten maskinstein
- Maskinstein
- Trappetrinn

### SKIFER –

Vi har alt innan skifer

*Vi kan gjerne vere med og gje råd om verktøy, bearbeiding og montering av steinen. Vi kan òg tilby oppføring av murar og skiferlegging.*

*Ta gjerne kontakt for pristilbod.*

**Nordfjord**  
**Skifer** AS

Kontakt oss på tlf. 917 63 804 / 915 65 495 – eller via faks nr. 57 72 70 16



[www.nordfjordskifer.no](http://www.nordfjordskifer.no)

**ØVREBØ**  
SMYKKEVERKSTAD

Laga med omtanke – gitt med omtanke  
Designsmykke i fleire prisklassar

Verkstad og galleri på Ålhus.  
Tlf: 5772 6940 / 4547 1849  
[www.smykkeverkstad.no](http://www.smykkeverkstad.no)




**Eikås Frisør**

EVA ÅRSET  
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.  
Timebestilling  
TELEFON 57 72 75 88





**JØLSTER**  
SKISENTER

6847 Vassenden • tlf. 57 72 75 50 • www.jolsterskisenter.no

*Jølstramuseet*

Gamle røykstover frå tidleg på 1600-talet og fleire tusen historiske ting som viser korleis jølstringen levde i gamle dagar. Sommarope frå 19/6-21/8 elles etter avtale.

tlf. 97 14 09 75



## Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Tlf: 57 72 74 33  
Mobil 97 64 84 82  
Fax :57 72 74 45

- hytter
- kjøkken
- bad
- inventar

45



**ALF HELGHEIM & CO AS**

Skei, 6843 Skei i Jølster

☎: 57728311 ☎: 57728329

\* FOTO \* UR \* GULL \* SØLV \* MUSIKK \*



**JØLSTER BYGG**

*Handverk i levande tre*

6847 VASSENDEN | JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22  
E-POST: POST@JOLSTERBYGG.NO • WWW.JOLSTERBYGG.NO

**Jølster**   
**Betongbygg a.s**



**Tlf. 57 72 70 18**  
**Mob. 908 83 940**

**ENTREPRENØR**  
**Ivar A.**  
**Sunde a/s**



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72

*Utfører alt innan tre og betong*



MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde As**  
 jostein-sunde.com

graving • sprenging  
 transport  
 singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER  
 Mobil 95 75 96 94

**COOP MARKED SKEI**

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
 opningstider 9-20 (18)

**BYGG MIX**

telefon 57 72 87 68  
 opningstider 9-16.30 (13)

**COOP**

**JØLSTER SA**

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
 6843 Skei

Jølstraholmen

SPAR 

- du kjenner oss

Kunde nr.

**Bestillingsseddel Pizza**

Sett kryss for din variant med tilbehør. Bestilles i vårt pizzautsalg ved ferskvaredisken!

40 cm	30 cm		Ingrediensar	40 cm	30 cm
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 1	Skinke, champignon og paprika	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 2	Pepperoni, ananas og purre	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 3	Marinert biff, bacon, rødlok, paprika og champignon	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 4	Mais, ananas, rødlok, paprika og champignon	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 5	Marinert kylling, biff, rødlok, paprika og champignon	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 6	Marinert kylling, mais, løk, purre og paprika	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 7	Biff, bacon, skinke, ananas, mais og løk	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 8	Marinert kylling, bacon, pepperoni, rødlok og paprika	189,-	149,-
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	no. 9	Skinke, pepperoni, biff, bacon, paprika, mais, løk og purre (Husets spesial)	189,-	149,-

Ved kjøp av 40 cm pizza får du 1,5 liter mineralvatn med på kjøpet!

Dressing kr. 15,- pr. beger

1 - Rømmedressing m/kvitløk  2 - Curry & Mango dressing

Kunde nr.

**Kundeseddel**



Ved kjøp av  
 40 cm pizza får du  
 1,5 l mineralvatn  
 med på kjøpet!

40 cm	30 cm	
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 1
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 2
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 3
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 4
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 5
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 6
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 7
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 8
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 9
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 10
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	No. 11

Dip nr.

Kundenavn

Ring 57 72 89 02 for bestilling





**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84

sparebanken  
sogn og fjordane



**Samsonite  
eller  
leilegheit?**

Skal du flytte for deg sjølv og bu i eigen koffert?  
Eller hadde du tenkt deg noko større?

Med BSU – Bustadsparing for ungdom i Sparebanken Sogn og Fjordane får du lettare lån, mindre skatt og tek eit godt sleg ut av kofferten.

Med BSU får du ein god start – og då får du det berre SO BRA!

**so bra**

Sparebanken Sogn og Fjordane  
– la oss fellesskape framtida vår

morebanken.no facebook twitter instagram

47

**SUNNFJORD  
ENERGI**

**Din lokale  
kraftleverandør**

Vi er også leverandør av:



**TOSHIBA**  
Varmepumpe  
og klimaanlegg



**ALARM**  
for hus, hytte  
og næring



**SMÅKRAFT**  
Forprosjekt til  
nøkkelferdige  
anlegg

**Den lokale drivkraft!**

Kontakt oss på tlf. 57 72 23 00

[www.sunnfjordenergi.no](http://www.sunnfjordenergi.no)

Sjå våre ferdige bustader og bestill  
huskatalogen på [boligpartner.no](http://boligpartner.no)



**DVERGSDAL & SUNDE BYGG AS**  
**AVD. FØRDE**

Tlf. 57 72 65 00 • [forde@boligpartner.no](mailto:forde@boligpartner.no)

[www.boligpartner.no](http://www.boligpartner.no)

- husene folk snakker om

**BoligPartner**





*Trollnatt av Ingrid Gjesdal (Målegruppa Jølst)*

Kr 60,- ISSN 0801-9592



9 770801 959272